



Ulvik herad
Perla i Hardanger



Budsjett og økonomiplan 2024-2027

2024

Innholdsliste

| | | |
|----------|-----------------------|-----------|
| 1 | Ulvik | 4 |
| 2 | Stab | 40 |
| 3 | Oppvekst | 51 |
| 4 | Helse | 62 |
| 5 | Teknisk | 75 |

1 Ulvik

1.1 Heradsstyrevedtaket

Vedtakstekst

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2024 og økonomiplan for 2025-2027 med desse føresetnadane

1. Budsjett for 2024 og økonomiplan for 2025-2027 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, kommunedirektørnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av økonomiplandokumentet.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk leggjast til faktisk sjølvkost. Løyving av 450.000 til dekning av auka rentekostnadene på vatn videreførast til 2025.
4. Brakanes skule videreførast med 10-deling
5. Omsorgstunet opprettheld dagens bemanning
6. Næringslaget vert tildelt støtte i tråd med vedtak gjort i heradsstyret 13.12.23.
7. Ungdomsarbeidet er organisatorisk plassert under Oppvekst med 40% stilling.
8. Skulen vart styrka med ein miljøterapeut i 100% frå 2022-2025, som ekstraløyving i tråd med satsing på skulen i planperioden. Kostnad på 740.000 løvvast frå disposisjonsfondet. 2024 er 3. året av 4.
9. Barnehagen videreførast med 4 avdelingar og bemanning for dette.
10. Musikkdirigent som tilbod vert videreført.
11. Kyrkja tildelast midlar jfr. prisjustert budsjett for 2023.
12. Ulvik idrettslag får tilskot til lånefinansiering i tråd med budsjettvedtak og søknad i 2021. 2024 er siste tildelingsår.
13. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført i 2024.

14. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2024 vert godkjent med ei totalramme på kr 30 491 000 og eit låneopptak på inntil kr 26 350 000
15. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
16. For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
17. Heradet skriv ut skatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. 4 overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd
18. Det skal skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2024 være lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.
19. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 første ledd.
20. Skattesatsen for det særskilte grunnlaget er 7 promille.
21. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 13.12.2023 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2024, jfr. eigedomsskattelova §10.
22. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.
23. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. januar 2024. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp. For avgifter - vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk. Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3,4 %. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1.2024. Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3,4%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2024. Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet. Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 4%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov. Betalingsatsar for

byggjesak og matrikkellov aukast i tråd med sjølvkostprinsipp i fylge vedlagt oversikt. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2024.

24. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS som vedteke av styret i Hardanger Energi AS for 2024.

25. I tråd med HST-vedtak 035/22 er godtgjersle til ordførar for 2024 fastsett til 75% av godtgjersle for stortingsrepresentant, som per 01.05.2023 utgjer kr 830 400. Varaordførar får 10% av dette, kr 83 000.

26. Finansielle måltal, etter ny kommunelov §14-2 vedtakast i høve punkt 4.1 i økonomiplandokumentet.

27. Føresetnad for budsjettet, etter ny kommunelov §14-4 vedtakast i høve punkt 4.2 i økonomiplandokumentet.

28. Ordninga med skulemåltid vert vidareført i 2024, saman med 40% stilling som assistent ved kjøkkenet på omsorgstunet.

29. Erstatningskraft seljast til spotpris og nyttast til finansiering av straumkostnadar på eigne bygg.

30. Konsesjonskraft for 2024 er førehandsseld til 114,03øre/kwt.

31. Barnehagen endrar frå 2 til 4 veker sommarstengd.

1.2 Innleiing

1.2.1 Uttale frå kommunedirektøren

Kommunedirektørens innleiing

Hev eg fenge alt eg skulde – Eller finst det skattar som er dulde?

Ved inngangen til 2023 vart det lagt på at kvardagen er på veg tilbake. Det var heilt rett. 2023 har vore eit hektisk år, med høg møteverksemd, stor aktivitet og mykje som har skjedd – både bra og mindre bra. Koronapandemien er me ikkje ferdig med, men me har slege oss til tåls med at det vert me nok ikkje heller. Den har kome for å bli. Me høyrer om tilfelle med smitte, men me bryr oss lite om det. Då har heller krigen i Ukraina fått meir merksemd, naturleg nok sidan Ulvik også har etablert seg som busetjingskommune.

Det har vore store endringar i 2023, både i leiing og på det politiske nivået. Me har i løpet av året

fått ny kommunalsjef på «Samfunn og plan», ny kommunalsjef for «Helse og velferd», og me har slått saman skule og barnehage til eining for «Oppvekst», med ny kommunalsjef for den nye eininga og ny rektor på skulen. I september var det kommuneval, som resulterte i at ca halve heradsstyret vart skifta ut med nye medlemar. Me fekk ny ordførar og ny varaordførar.

Dei siste åra har me hatt fokus på at åra etter 2019 ikkje har vore «normalår». Men etter kvart som åra går, vert det meir og meir tydeleg at åra etter 2019 kanskje er den nye «normalen». Utviklinga dei siste åra har vore ein betydeleg auke i kostnader, særleg på helse og velferd. Hovudårsaka har vore dyrare kjøp av tenester frå andre kommunar. Me bad difor revisjonen om å gjennomføre ein revisjon av økonomien på helse og velferd, samtidig som me oppmoda Kontrollutvalet om å prioritera forvaltningsrevisjon på kjøp av tenester frå, og fellestene med andre kommunar. Begge desse revisjonane har pågått i 2023. Forvaltningsrevisjon på kjøp av tenester frå, og fellestene med andre kommunar er ferdigstilt og viser ein klar tendens på at desse tenestene har blitt merkbart meir kostnadskrevjande. På same tid har revisjonen vist at me ikkje får tilstrekkeleg innsikt i dei tenestene me samarbeider om, mellom anna barnevern, noko som gjer at me manglar den kontrollen med tenestene som lova pålegg oss å ha. Det er også eit faktum at den fordelingsnøkkelen som har vore praktisert i Hardanger, i samarbeid på tvers av kommunane ikkje lenger gjeld. Dette er ein konsekvens av samanslåing av kommunar og færre kommunar å dele kostnadane på. Dessverre har ein altfor stor del av kostnadsauken landa på småkommunane, som følgje av endring i fordelingsnøkkelen, der ein i mindre grad tek omsyn til folketalet og i større grad legg vekt på lik deling mellom deltakar-kommunane. Som følgje av dette vil fleire av tenestene me i dag kjøper frå andre kommunar verta sagt opp frå 01.01.2024, med eitt års binding. Det betyr at me har 2024 til å få på plass slike tenester frå 01.01.2025. Dette gjeld i første omgang PPT og evt kommunepsykolog, men me vurderer å gjera det same med barneverntenesta. Dei alternativ me må jobbe med å finne svar på i 2024 er om me kan drifta heile eller deler av desse tenestene sjølve, t.d. ved å opprette eit oppvekstkontor som har desse tenestene samla under ein leiar – evt i eit delvis samarbeid med annan kommune/teneste. Det vil gi oss auka kompetanse, fleire tilsette og potensielt fleire innbyggjarar og auka skatteinngang. I tillegg vil det gi oss betre internkontroll og reduserte kostnader. Me vil vera opne for å etablira ei slik fellestene saman med Eidfjord, men me vil ikkje lata samarbeid med Eidfjord vera avgjerande for kva veg me landar ned på. Det er oppretta ei eiga gruppe internt til å jobba vidare med desse planane. Det som er positivt er at det er stor vilje internt til å finna eigne lokale løysingar for å få kontroll på desse tenestene, og kostnadane knytt til desse.

At prisane på konsesjonskraft har vore så høge som dei har vore i 2023, og også vil vera dei komande åra, gjer at me er betre rusta til å møta den auka i kostnader me har hatt, som ikkje skuldast drift, men utanforliggjande vilkår. Generelt dekker ikkje statlege råmer lønsveksten, noko som gjer at pris-veksten heilt manglar inndecking. Som kjent har det vore markant prisauke på dei fleste varer og tenester dei siste par åra. Staten er også ekspert på å underfinansiere oppgåver dei flyttar over på kommunane. Når dette vert gjentakande vert det eit problem.

Det er sjølv sagt ynskjeleg at me er i stand til å setja av så mykje som mogeleg av kraftinntektene våre til framtidige investeringsbehov. Me veit at det er fleire større investeringar som pressar seg fram i løpet av nokre år, mellom anna sentrumsutvikling, barnehage, omsorgsbustader og skule. Dei prognosar me har blitt presentert frå kraftbransjen tyder på at prisane på sal av kraft i marknaden vil halda seg høge i 10-20 år fram i tid. Dette er viktige inntekter for Ulvik herad, som så langt som råd må setjast av til slike framtidige investeringsbehov. Samstundes er det viktige inntekter å delvis setja av til auka driftskostnader for å drifta heradet. Me skal setja av på fond, men ikkje alt. Noko

trengst for å driva kommunen i dag. Dette er også utgangspunktet for budsjett for 2024 som no er lagt fram. Administrativt jobbar me no med å utgreia korleis me kan ta ned driftskostnaden ved å ta tilbake tenester og oppgåver me i dag kjøper. Me har tru på at det vil vera eit potensiale i å få det til, og å drifta rimelegare enn det me i dag gjer ved kjøp.

Ei positiv utvikling for Ulvik siste året er aukande folketal. Me har gått frå 1051 til 1082 (pr 3.kvartal). Då er flyktningar busett i 2022 medrekna, men ikkje flyktningar busett i 2023. Me har motteke ny oppmoding om busetjing i 2024. Denne vil ein politisk måtte ta stilling til på starten av 2024. Frå administrasjonen si side meinar me at det er viktig å ta imot flyktningar, med den situasjonen som er i Europa og verda elles no, men me treng fleire bustader. Dette er noko me utgreier, som også vil kome sak på i 2024. Arbeid/språkpraksis er også avgjerande for å lukkast med busetjings- og integrerings-arbeidet, noko me konkret jobbar med å lage ein meir detaljert plan for no. Dette arbeidet må femne alle flyktningar, ikkje berre dei ukrainske. Mange av dei busette flyktningane i Ulvik er no i arbeid eller anna aktivitet, noko som er særslig positivt.

Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen er godt i gang og arbeidet vil halde fram i 2024.

På tampen av 2023 er me i gang med det som kallast 10-faktor undersøking, for å kartleggja jobbmotivasjon og jobbprestasjon hjå dei tilsette, og gjennom dette også resultat. Ei slik undersøking er eit grunnlag for medarbeidar-, organisasjons- og leiarutvikling og undersøkinga måler haldningar og oppfatningar som kan utviklast. Sjølvé gjennomføringa av undersøkinga vil skje på starten av 2024, og deretter arbeidet med å gjennomgå, tolke og setja inn tiltak. Tiltaka vil ein så teste ut i praksis i resten av året og neste år.

Me ser fram til å få på plass det nye møterommet på Sentrumsbygget. Den vil gi betre arbeidstilhøve for dei tilsette, mindre leige av møterom utanfor huset og enklare gjennomføring av både politiske og andre møte. Samstundes vil det få på plass ei digital overføring av møte via streaming, slik at det vert lettare for innbyggjarane å fylgja med på det som skjer.

Me skal halda fast ved at administrasjonen sine viktigaste oppgåver er å levera gode tenester til innbyggjarane og å fylgja opp politiske vedtak. I dette ligg også å gje råd og rettleiing, både i politiske saker og i innbyggjardialogen. Og me skal gjera kvarandre gode. Dette er verdiar som ikkje kan gjentakast ofte nok, men som berre har sin verdi dersom den visast att i praktisk arbeid, og ikkje berre i vene ord. Dette er noko me jobbar med kontinuerleg, og det skal me halda fram med.

Me har allereie byrja å gle oss til jul, og det merkast på stemninga i administrasjonen. Ein har byrja å planleggja for årets julekalender, julelunsjen for heradsstyret 13.desember er bestilt og førebuingar til å møta eit nytt år tek stadig meir plass i innboksane. I år som i fjor deler me ut julegåver og julemat til dei som treng litt ekstra til jul, i samarbeid med Lions, næringslivet og NAV. Strekk gjerne ut ei hand du og, enten det er til ein ny ukrainsk nabo eller det er til ein eldre nabo du veit sit aleine i jula. Det skal lite til for å gle andre, og som du veit; «Den største gleda ein kan ha, det er å gjera andre gla'».

«*Liv, eg bankar på og spør:*

Hev eg fenge alt eg skulde?

Finst det ikkje enn ei dør

inn til skattar som er dulde?»

Olav H. Hauge

1.2.2 Kommuneplan 2009-2020

Kommuneplanen

Kommuneplanen er heradet sin overordna plan for kommunen si utvikling. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Ut frå endra føresetnader vart arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen starta opp i 2021. Arbeidet med planen vil verta ferdigstelt i 2024.

1.2.3 Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

Handlingsprogrammet

Handlingsprogrammet er handlingsdelen slik den kjem fram i samfunnsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen skal forankrast i handlingsprogrammet, og viser heradet sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er fyrste året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for heradet. Heradsstyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Økonomiplanen rullerast kvart år.

1.2.4 Omstilling og utvikling

Omstilling

Det er heile tida fokus på rasjonell drift og reduksjon av ikkje-naudsynte kostnader. Pandemiåra har skapt utfordringar rundt dette og endra viset me arbeidar på. Nye krav og forventingar frå både brukarar, tilsette og Storting for å kunna arbeida normalt i ein pandemisituasjon har endra definisjonen av normalt 2023 har vore nytta til å gjera analysar og undersøkingar av korleis me driftar, samanlikna med ein ideell normal, med mål om å gjera naudsynte og informerte endringar i kommande planperiode. Skule og barnehage er frå og med 2023 slått saman til ein oppveksteining og drifta vil verta meir samkøyrd med tanke på deling av ressursar og kompensanse frå og med 2024.

1.2.5 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid

Over fleire år har regjeringa tildelt kommunane fleire oppgåver som tidlegare låg på statleg eller fylkesnivå. Oppgåvene og omfanget av dei krev samarbeid med andre for å sikra eit godt tilbod med rett kvalitet.

Heradet har, saman med Eidfjord, hatt eit godt samarbeid om IKT med Kvam. I tillegg er me med i eit større IKT-samarbeid med Bergen kommune. Dette handlar særskilt om digitalisering, der alle kommunane i Vestland er med, samt kjøp av personvernsombodsteneste. Me har samarbeid med Voss herad om brann og redning, legevakt, ØH-senger (øyeblikkeleg hjelp) og PPT, samt med Ullensvang kommune om kjøp av barnevernsteneste. Samarbeidet med Eidfjord om sal av landbruksteneste held fram. Me kjøper revisjonsteneste frå Vestland Revisjon IKS. Renovasjonstenesta leverast av Indre Hordaland Miljøverk IKS som er vedteke samanslått med BIR AS i 2022-2023. Feiarteneste utførast gjennom ein avtale med Vestnorske Feiertjenester AS.

Me registererer framleis store kostnadsauker som fylgje av kommunale samanslåingar. Dette skuldast dels færre brukarar å fordela kostnadane på, og dels at samanslåingskommunane aukar prisen på tenester me kjøper frå dei. Dette krev at me i komande planperiode må vurdera dei avtalene me har opp mot moglegheiter for sjølv å utføra oppgåver som i dag vert kjøpt. Forvaltingsrevisjon på kjøp av tenester frå andre kommunar vart tinga og gjennomført i 2023 og funna vil verta nytta til å sjå på avtalar i 2024 og framover.

1.3 Demografi og statistikk

1.3.1 Demografi

Befolking



Folketallet
3. kvartal 2023


1 082 innbyggere

Kilde

[Befolking, Statistisk sentralbyrå](#)

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Kilde: Befolking, Statistisk sentralbyrå

Endringer i befolkningen



Fødte
2022
9 personer

Kilde

[Fødte, Statistisk sentralbyrå](#)



Nettoflytting[¶]
2022
17 personer

Kilde

[Flyttinger, Statistisk sentralbyrå](#)



Døde
2022
21 personer

Kilde

[Døde, Statistisk sentralbyrå](#)



Vekst i befolkningen siste kvartal
3. kvartal 2023
6 personer

Kilde

[Befolking, Statistisk sentralbyrå](#)

Forventet utvikling



Befolkning i 2030
2030
1 065 innbyggere

Kilde

[Regionale befolkningsframkrivinger, Statistisk sentralbyrå](#)



Befolkning i 2050
2050
1 096 innbyggere

1.3.2 KOSTRA

KOmmune- STatRAPportering, eller KOSTRA, er den offentlege samanlikningsmodellen for kommunar, basert på rekneskap og statistikk. For å mogleggjera rett samanlikningsgrunnlag er kommunane gruppert i kostragrupper basert på inntekts- og kostnadsgrunnlag.


Etter kommunesamanslåinga i 2020 er Ulvik flytta frå gruppe 5 til gruppe 14. Gruppe 14 omfattar no alle kommunar med 699-1999 innbyggjarar og låge til middels korrigerte inntekter.

Gruppa var i 2021 gruppert som fylgjer:



Plott etter indeks

Norske kommuner¹ etter indeks for bundne kostnader (vannrett akse) og indeks for korrigerte inntekter (loddrett akse)
Sirkelstørrelse viser folkemengde 2020



¹ Figuren inkluderer alle kommuner i 2020 unntatt Oslo og kommuner med folketall under 600 (Utsira, Kvitsøy, Røst, Fedje, Træna, Vevelstad, Rørvik, Leka) og kommuner med høyest skatteinntekter per innbygger (Tydal, Sirdal, Aurland, Sirdal, Modalen, Eidfjord, Aurdal, Bykle). Størrelsen på sirklene viser kommunenes relative befolkningsstørrelse i 2020.

| Nykktal | Eining | Ulvik | Kostragruppe 14 | Landet uten Oslo |
|---|---------|-------|-----------------|------------------|
| | | 2021 | 2021 | 2021 |
| Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 3,9 | 4,3 | 4,2 |
| Årets merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 0 | -0,2 | 0 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto | prosent | 26,6 | 29,3 | 23 |



| Nykkeltal | Eining | Ulvik | Kostragruppe 14 | Landet uten Oslo |
|---|---------|-------|-----------------|------------------|
| driftsinntekter (prosent) | | | | |
| Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 43,7 | 30,1 | 48,6 |
| Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 77,5 | 89,8 | 114,5 |
| Frie inntekter per innbygger (kr) | kr | 99214 | 86045 | 63840 |
| Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 11,6 | 19,1 | 13,7 |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 6 | 11,5 | 13,9 |
| Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent) | prosent | 34 | 34,2 | 37,8 |

1.4 Økonomiplan 2024-2027 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

1.4.1 Finansielle nykkeltal

Kalkylerente for sjølvkostområde er inkludert i renter i økonomiske oppstillingar men ekskludert frå finansielle måltal for å skapa samanheng mellom mål av lånegjeld og lånekostnadar.

| Type nykkeltal | 2022 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Mål |
|---|--------|-------|--------|--------|--------|-------|
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | -1,26% | 2,89% | 1,18% | 2,01% | 2,11% | 1,75% |
| Dispositionsfond i % av driftsinntekter | 11,23% | 9,46% | 10,78% | 12,43% | 14,21% | >10% |
| Brutto renter og avdrag* i % av driftsinntekter | 4,9% | 6,99% | 7,74% | 7,93% | 8,10% | <10% |



| | | | | | | |
|---|-------|--------|--------|--------|--------|------|
| Netto lånegjeld* i % av driftsinntekter | 75,5% | 77,33% | 85,09% | 85,13% | 84,01% | <95% |
|---|-------|--------|--------|--------|--------|------|

1.4.2 Premisser for budsjett og økonomiplan

Etter kommuneloven §14-4 skal budsjett- og økonomiplan presentere premisser som grunnlag for tala. Under fylgjer premisser per eining for åra 2024-2027.

Som eit leiiiande premiss for perioden fram til 2025 skal grunnskulen i fokus og styrkast eller betrast der ein finn råd.

| Eining | Årsverk | Føresetnad inntekt | Føresetnad kostnad | Handsaming av avvik |
|--------------------------|---------|---|--|---|
| 210 Stab | 12,6 | | Prisvekst i avtaler 3,4% | Politisk handsaming i tertialrapportering |
| 220 Barnehage | 13,8 | 49 plassar (23 born over 2 år, 13 under 2 år) | 4 avdelingar, sommarstengt juli månad | Politisk handsaming i tertialrapportering |
| 230 Undervisning | 36,7 | 137 elevar | Fulldelt skule | Politisk handsaming i tertialrapportering |
| 240-270 Helse og velferd | 51,2 | Historisk gjennomsnitt vederlag for langtidsplass, opptil 18 plassar. 1200 listeplassar fastlege, historiske gjennomsnitt for brukarbetaling og refusjon. Fysioterapi, historiske gjennomsnitt for brukarbetaling og refusjon. Kjøkken, historisk gjennomsnitt omsetning. Faste øyremerka tilskot som ikkje er tidsavgrensa prosjekt. | 51,7 årsverk i intern tenesteproduksjon, derav 4,17 mellombels. 18 plassar på sjukeheim. Kjøp av legevakt, barnevern, krisesenter, jordmor og kommunepsykolog. Kjøp av eksterne tenester etter enkeltvedtak. | Politisk handsaming i tertialrapportering |
| 280-283 Samfunn og plan | 17,9 | 100% sjølvkost med unntak av vatn og plan/bygg som er subsidierte | Kjøp av einskilde sakshandsamingstenester frå nabokommunar. Kjøp av feieteneste og brannmesterteneste | Politisk handsaming i tertialrapportering |
| 290-291 Finans | | Straumpriser på 0,7kr/kwh, ikkje endringar i inntektsmodell i 2024 | Lån: 1/3 av portefølje til fastrente, 1/3 flytande, 1/3 valfri. Gj. lånerente i 2024: 4,8% Prisvekst 2024: 3,4%, lønsvekst 4,9%, pensjonssats KLP 19,5%, pensjonssats SPK 11% | Politisk handsaming i tertialrapportering |

1.4.3 Inntekter i planperioden

Ulvik herad har fleire inntektskjelder, der nokre er stabile og nokre har større svingingar frå år til år. 2023 er eit år med mindretalsregjering og budsjettala for inntekter er difor ikkje heilt sikre ved tidspunktet for budsjettframlegg. Budsjettala er basert på regjeringa sitt gjeldande forslag per 18.11.2023.

1.4.3.1 Frie inntekter

Heradet sine frie inntekter kan delast i seks:

- Rammetilskot
- Inntektsskatt
- Formueskatt
- Naturressursskatt
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter

I rekneskapen vert inntekts-, formue- og naturressursskatt sett under eitt, så i tabellen under lister me berre opp rammetilskot, skatt, eigedomsskatt og kraftinntekter.

Rammetilskot og skatteinntekter er basert på KS og Telemarksforsking sine inntektsmodeller, justert for lokale høve. Ulvik herad har hatt nedgang i folketal mellom 2020 og 2022, med vesentleg auke i 2023. Nedgangen i rammetilskot i perioden og manglande kompensasjon for prisauke frå 2021 til 2022 gjer likevel at heradet sine lønskostnadar har auka meir enn statleg kompensasjon. Heradet legg opp til løns- og prisvekst på 4,3% i tråd med tal frå Statsforvaltaren.

Eigedomsskatt er vanlegvis basert på lister frå skattekontoret, men desse vert ikkje ferdige i 2024 før etter ferdigstilling av budsjettet og er difor basert på estimat. Grunna uvisse om den nye skattemodellen som fekk verknad i 2023 med fråtrekk for grunnrenteskatt vidareførast budsjettert beløp for 2023 ut planperioden.

Kraftinntektene for 2024 er basert på auksjonssal av konsesjonskrafta og spotprissal av erstatningskrafta og ligg begge inne med pris lik auksjonssalet på 72,3øre/kwh. I åra 2024-2026 er det nytta utgangspunkt i årskontraktar på Nasdaq og langtidsprognose frå NVE og lagt inn 70øre/kwt.

Økonomisk oversikt §5-6 2022-2027

| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Ulvik | | | | | | |
| Rammetilskudd | -64 843 000 | -64 545 000 | -67 902 000 | -68 500 000 | -68 841 000 | -68 791 000 |
| Inntekts- og formuesskatt | -29 530 000 | -28 215 000 | -30 742 000 | -30 878 000 | -31 040 000 | -31 198 000 |
| Eiendomsskatt | -9 458 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 |
| Andre skatteinntekter | -16 852 000 | -15 900 000 | -16 951 000 | -16 951 000 | -16 951 000 | -16 951 000 |
| Andre overføringer og | -125 000 | -202 000 | -160 000 | -160 000 | -160 000 | -160 000 |



| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| tilskudd fra staten | | | | | | |
| Overføringer og tilskudd fra andre | -51 257 000 | -44 449 000 | -46 599 000 | -38 102 000 | -38 102 000 | -38 102 000 |
| Brukertilbetalinger | -5 830 000 | -6 891 000 | -6 957 000 | -6 957 000 | -6 957 000 | -6 957 000 |
| Salgs- og leieinntekter | -9 357 000 | -11 237 000 | -13 132 000 | -12 511 000 | -13 476 000 | -13 818 000 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | -187 252 000 | -183 032 000 | -194 035 000 | -185 652 000 | -187 121 000 | -187 570 000 |
| Lønnsutgifter | 87 321 000 | 81 313 000 | 90 117 000 | 88 128 000 | 87 153 000 | 87 253 000 |
| Sosiale utgifter | 20 095 000 | 22 193 000 | 23 334 000 | 24 283 000 | 25 437 000 | 25 136 000 |
| Kjøp av varer og tjenester | 52 959 000 | 50 134 000 | 48 506 000 | 45 826 000 | 45 636 000 | 45 636 000 |
| Overføringer og tilskudd til andre | 21 791 000 | 16 240 000 | 20 767 000 | 18 464 000 | 17 964 000 | 17 964 000 |
| Avskrivninger | 10 338 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 |
| SUM DRIFTSUTGIFTER | 192 505 000 | 180 263 000 | 193 106 000 | 187 084 000 | 186 573 000 | 186 373 000 |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | 5 253 000 | -2 769 000 | -929 000 | 1 432 000 | -548 000 | -1 198 000 |
| Renteinntekter | -3 552 000 | -4 405 000 | -4 788 000 | -5 092 000 | -5 545 000 | -5 681 000 |
| Utbryter | -2 144 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 1 510 000 | 0 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| Renteutgifter | 5 998 000 | 8 376 000 | 9 672 000 | 10 159 000 | 10 497 000 | 10 745 000 |
| Avdrag på lån | 5 641 000 | 6 843 000 | 6 965 000 | 7 861 000 | 8 376 000 | 8 732 000 |
| NETTO FINANSUTGIFTER | 7 454 000 | 6 663 000 | 5 697 000 | 6 776 000 | 7 177 000 | 7 644 000 |
| Motpost avskrivninger | -10 338 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 2 369 000 | -6 490 000 | -5 615 000 | -2 174 000 | -3 754 000 | -3 937 000 |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring til investering | 0 | 767 000 | 454 000 | 454 000 | 454 000 | 454 000 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 15 162 000 | 6 105 000 | 9 246 000 | 9 170 000 | 9 193 000 | 9 201 000 |
| Bruk av bundne driftsfond | -18 658 000 | -9 542 000 | -9 704 000 | -9 077 000 | -8 836 000 | -8 836 000 |



| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|------------------|
| Avsetninger til disposisjonsfond | 3 971 000 | 15 812 000 | 8 005 000 | 3 514 000 | 3 879 000 | 4 054 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | -2 843 000 | -6 651 000 | -2 386 000 | -1 886 000 | -936 000 | -936 000 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT | -2 369 000 | 6 490 000 | 5 615 000 | 2 174 000 | 3 754 000 | 3 937 000 |
| FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

1.4.4 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

Løyvingsoversikt §5-4 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|-------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Stab | | | | |
| Driftsinntekter | -1 541 000 | -1 541 000 | -1 541 000 | -1 541 000 |
| Driftsutgifter | 31 945 000 | 30 545 000 | 30 045 000 | 30 045 000 |
| Netto | 30 404 000 | 29 004 000 | 28 504 000 | 28 504 000 |
| Oppvekst | | | | |
| Driftsinntekter | -3 646 000 | -3 646 000 | -3 646 000 | -3 646 000 |
| Driftsutgifter | 44 963 000 | 44 415 000 | 44 415 000 | 44 415 000 |
| Netto | 41 317 000 | 40 769 000 | 40 769 000 | 40 769 000 |
| Helse og velferd | | | | |
| Driftsinntekter | -13 721 000 | -13 391 000 | -13 391 000 | -13 391 000 |
| Driftsutgifter | 66 664 000 | 63 429 000 | 62 529 000 | 62 529 000 |
| Netto | 52 943 000 | 50 038 000 | 49 138 000 | 49 138 000 |
| Samfunn og plan | | | | |
| Driftsinntekter | -12 543 000 | -11 922 000 | -12 888 000 | -13 229 000 |
| Driftsutgifter | 28 688 000 | 26 827 000 | 26 562 000 | 26 662 000 |
| Netto | 16 145 000 | 14 905 000 | 13 675 000 | 13 433 000 |
| Finans | | | | |
| Driftsinntekter | -35 237 000 | -27 071 000 | -27 071 000 | -27 071 000 |
| Driftsutgifter | 10 463 000 | 11 486 000 | 12 639 000 | 12 339 000 |
| Netto | -24 773 000 | -15 585 000 | -14 432 000 | -14 732 000 |

1.4.5 Økonomiske tiltak

Budsjettet til heradet avgrenser kva tiltak som er mogleg å gjennomføra i eit budsjettår og ein økonomiplan. Ramma kan berre aukast ved å kutta i drift, auka fondsbruk, redusera fondsavsetningar eller ved å auka inntektene.

Dette krev politiske prioriteringar for kva som er ynskjeleg å gjennomføra, og moglege tiltak presenterast i det fylgjande, med oversikt over kva som er prioritert i gjeldande planperiode og kva som ikkje er prioritert.

1.4.5.1 Tiltak til økonomiplanperioden

Med tiltak meinast konkrete endringar i drifta som ikkje kan klassifiserast som generell inntekts- eller kostnadsauke, eller reduksjon av desse. Tiltakslista gjev ein oversikt over moglegheitene eller behov administrasjonen har identifisert som kan prioriterast og inkluderast i budsjett- og økonomiplanperioden.

1.4.5.1.1 Prioriterte tiltak i 2024

1.4.5.1.1.1 Tiltak med ny kostnad

For planperioden 2024-2027 er det ikkje funne rom til nye tiltak.

Heradet har lyst ut nytt økonomisystem på anbod 20.11.2023, og kostnad for dette vil koma opp som eigen sak i 2024.

Tom tiltaksliste 2024-2027

| Budsjett 2024-2027 ffSK 211123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|-----------------------------------|------|------|------|------|
|-----------------------------------|------|------|------|------|

1.4.5.1.1.2 Sparetiltak

Som sparetiltak for 2024-2027 er det lagt inn forslag om avvikling av overlappande datalisenser (OPV1), omorgansering av spesialundervisning i skulen for å avgrensa kjøp frå andre kommunar (OPV2), samanslåing av skuleklasse som har vore prøvd delt (OPV3), omorganisering av storbarnavdelinga i barnehagen (OPV4), auke sommarstengt barnehage frå 2 til 4 veker (OPV5) og nedtrekk av vedlikehaldskostnadar på Samfunn for å lyfta ikkje-planlagt vedlikehald som eigne sakar gjennom driftsåret (SOP1)

Tiltaksliste prioriterte sparetiltak 2024-2027

| Tiltaksliste prioriterte tiltak | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|------------------------------------|----------|----------|------|------|
| OPV Sparetiltak 1 (001) | -90 000 | 0 | 0 | 0 |
| OPV Sparetiltak 2 (002) | -400 000 | -300 000 | 0 | 0 |
| OPV Sparetiltak 3 (003) | -400 000 | -464 000 | 0 | 0 |



| Tiltaksliste prioriterte tiltak | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---------------------------------|----------|------|------|------|
| OPV Sparetiltak 4 (004) | -179 000 | 0 | 0 | 0 |
| OPV Sparetiltak 5 (005) | -100 000 | 0 | 0 | 0 |
| SOP Sparetiltak 1 (007) | -657 000 | 0 | 0 | 0 |

1.4.5.1.2 Ikkje-prioriterte tiltak til økonomiplanperioden

Tiltak som ikkje er tekne inn i budsjett- eller økonomiplan er opplista i dei fylgjande avsnitta, med skildring og oversikt over kostnadar eller inntekter.

1.4.5.1.2.1 Tiltak med ny kostnad

Det er i planperioden ikkje vurdert kostnadsaukande tiltak.

Tom tiltaksliste 2024-2027

| Budsjett 2024-2027 ffSK 211123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|-----------------------------------|------|------|------|------|
|-----------------------------------|------|------|------|------|

1.4.5.1.2.2 Sparetiltak

Av ikkje-prioriterte sparetiltak er lagt ved:

Fjerning av varmt skulemåltid (OPV7), nedtrekk på tilskot til kyrkja (STA1), nedleggjing av Ulvik kino (STA2) og avvikling av utval for levekår og oppvekst (STA3).

Tiltaksliste ikkje-prioriterte tiltak 2024-2027


| Tiltaksliste ikkje-prioriterte tiltak | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---------------------------------------|----------|----------|----------|------|
| OPV Sparetiltak 7 (006) | -300 000 | 0 | 0 | 0 |
| STA Sparetiltak 1 (008) | -172 560 | -250 000 | -300 000 | 0 |
| STA Sparetiltak 2 (009) | 0 | -392 551 | 0 | 0 |
| STA Sparetiltak 3 (010) | 0 | -140 000 | 0 | 0 |

1.4.6 Lån, renter og avdrag i planperioden

| Periode | Opplåning | Valuta | Avdrag | Valuta | Renter | Valuta |
|---------|----------------|--------|--------------|--------|--------------|--------|
| 2024 | -21 350 473,00 | NOK | 7 610 111,52 | NOK | 5 964 860,41 | NOK |
| 2025 | -15 799 110,00 | NOK | 8 487 908,88 | NOK | 5 801 268,02 | NOK |
| 2026 | -9 698 010,00 | NOK | 8 961 139,10 | NOK | 5 660 527,51 | NOK |
| 2027 | -7 013 030,00 | NOK | 9 325 159,44 | NOK | 5 625 599,07 | NOK |



Periodiske kontantstrømmer



I oversikta over er det ikke gjort skilnad på ordinære investeringar og investeringar som er finansiert over sjølvkostområda. For budsjettet for 2025 og framover leggjast det opp til at investeringar og tilhøyrande finanskostnadar til vatn, avløp, septikk og andre sjølvkostområde skiljast ut i eigen oversikt og på eigne rekneskapsartar for å unngå samanblanding i analyser og måltal.

1.4.6.1 Sikring av låneportefølja

I tråd med Ulvik herad sitt finansreglement er deler av låneportefølja sikra med fastrente for å unngå for store svingingar i rentekostnadane.

| Produkt | Fastrente | | 52 869 090 | NOK |
|---------|--------------|----------------|------------|-----|
| | KBN-20210359 | KommunalBanken | 50 795 790 | NOK |

Øvrige lån har flytande rente med fordeling på 3-månadars NIBOR og PT-rente. Fordeling per 18.11.2023 er:

| | Grupper | Motpart / Motpartsnavn | Opprinnelig lånebeløp | | Restgeld | | Gjeldende rente |
|---------|------------------|------------------------|-----------------------|-----|-------------------|-----|-----------------|
| | Total | | 188 510 464,00 | NOK | 142 415 938,00 | NOK | 4,0809% |
| Produkt | 3 mnd Nibor | | 109 242 460,00 | NOK | 68 025 500,00 | NOK | 5,1787% |
| | KBN- 20120647 | KommunalBanken | 28 220 000,00 | NOK | 9 342 680,00 | NOK | 5,2000% |
| | KBN- 20150485 | KommunalBanken | 42 691 470,00 | NOK | 25 614 830,00 | NOK | 5,1300% |
| | KBN- 20200640 | KommunalBanken | 7 000 000,00 | NOK | 6 037 500,00 | NOK | 5,1789% |
| | KBN- 20210373 | KommunalBanken | 20 830 990,00 | NOK | 20 830 990,00 | NOK | 5,1600% |

| | Grupper | Motpart / Motpartsnavn | Opprinnelig lånebeløp | | Restgjeld | | Gjeldende rente |
|---------|--------------------|------------------------|-----------------------|-----|---------------|-----|-----------------|
| | KBN-20220470 | KommunalBanken | 10 500 000,00 | NOK | 6 199 500,00 | NOK | 5,4100% |
| Produkt | Fastrente | | 53 905 740,00 | NOK | 50 795 790,00 | NOK | 2,2700% |
| | KBN-20210359 | KommunalBanken | 53 905 740,00 | NOK | 50 795 790,00 | NOK | 2,2700% |
| Produkt | Husbanken flytende | | 12 362 264,00 | NOK | 10 944 648,00 | NOK | 4,2447% |
| | HUS-13559344-10 | Husbanken | 840 734,00 | NOK | 721 323,00 | NOK | 3,2808% |
| | HUS-13559976-10 | Husbanken | 1 228 032,00 | NOK | 1 050 031,00 | NOK | 3,8664% |
| | HUS-13559976-40 | Husbanken | 1 187 923,00 | NOK | 994 330,00 | NOK | 3,8663% |
| | HUS-13560887-10 | Husbanken | 3 074 618,00 | NOK | 2 591 515,00 | NOK | 4,5276% |
| | HUS-13561698-10 | Husbanken | 1 301 429,00 | NOK | 1 115 315,00 | NOK | 4,5275% |
| | HUS-13584025-10 | Husbanken | 1 862 472,00 | NOK | 1 756 193,00 | NOK | 4,0466% |
| | HUS-13584824-10 | Husbanken | 2 867 056,00 | NOK | 2 715 941,00 | NOK | 4,5276% |
| Produkt | P.t. rente | | 13 000 000,00 | NOK | 12 650 000,00 | NOK | 5,3076% |
| | KBN-20190572 | KommunalBanken | 3 000 000,00 | NOK | 2 650 000,00 | NOK | 5,1140% |
| | KBN-20230236 | KommunalBanken | 10 000 000,00 | NOK | 10 000 000,00 | NOK | 5,3589% |

1.4.6.2 Oversikt gjeld og forpliktingar §5-7

§5-7 Oversikt gjeld og forpliktingar

Jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m skal kommunen vise oversikt over utviklinga i gjeld og vesentlege forpliktingar for perioden. For Ulvik herad utgjer dette i hovudsak lån og pensjonsforpliktingar.

| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Lånegjeld IB | 135 661 176 | 150 046 877 | 157 984 492 | 159 306 247 |
| Avdrag | 6 964 772 | 7 861 495 | 8 376 255 | 8 732 203 |
| Låneopptak | 21 350 473 | 15 799 110 | 9 698 010 | 7 013 030 |
| Lånegjeld UB | 150 046 877 | 157 984 492 | 159 306 247 | 157 587 074 |



| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Startlån IB | 10 886 086 | 10 239 663 | 9 565 206 | 8 862 144 |
| Avdrag | 646 423 | 674 457 | 703 062 | 733 079 |
| Låneopptak | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Lånegjeld UB | 10 239 663 | 9 565 206 | 8 862 144 | 8 129 065 |
| Samla lånegjeld UB | 160 286 540 | 167 549 698 | 168 168 391 | 165 716 139 |

Om lag 22,3 mill. kr nye låneopptak i perioden omfattar sjølvkostområda vatn og avlaup.

Pensjonsforpliktinga skal spegla det økonomiske ansvaret heradet har påteke seg på utrekningstidspunktet for kvar einskild tilsett som er med i pensjonsordninga. Ulvik herad har ei samla pensjonsforplikting på 222 969 846 kr kr ved inngangen av 2023. Forpliktinga er venta å auke i åra som kjem.

Fylgjande garantiar er gjeve av heradet:

| PERSON, FIRMA | | | GARANTIANSVAR PR | | GARANTIANSVARETS UTLØP | |
|-----------------------|--|----|------------------|--|------------------------|------------------|
| ORGANISASJON | | | 31.12.2023 | | ÅR | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| Vestlandsrevisjon IKS | | kr | 31 365,00 | | År | Uttak av pensjon |
| I ALT | | kr | 31 365,00 | | | |

1.4.7 Investeringar i planperioden

Frå og med 2024 er alle investeringar, med unntak av VA-investeringar, lagt inn med antaking om 25% meirverdkompensasjon. Motposten er lagt til prosjekt 0 i oversikta under.

Meirverdkompensasjon vert tillagt anleggsmiddel når desse aktiverast, så dette skapar betre samsvar mellom budsjett og rekneskap på prosjekt- og anleggsnivå sjølv om totalkostnad er upåverka.

Løyvingsoversikt §5-5 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|--------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Ulvik 0 (ingen prosjekt) | -4 140 000 | -1 427 000 | -1 352 000 | -1 061 000 |



| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|--|--------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Ulvik 2104 IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall) | 0 | 250 000 | 0 | 250 000 |
| Ulvik 2105 IKT skule | 313 000 | 313 000 | 313 000 | 313 000 |
| Ulvik 2117 Ny Brannmur | 438 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2134 Nettverksutstyr | 163 000 | 500 000 | 0 | 0 |
| Ulvik 2136 Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025 | 0 | 500 000 | 0 | 438 000 |
| Ulvik 2192 ACOS skybasert løysing 2023-2025 | 394 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2193 Compiilo IK 2023-2024 | 131 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2195 Ny programvare E-admin 2024 | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2196 Faste IKT-investeringar Stab 2024-2027 | 188 000 | 188 000 | 188 000 | 188 000 |
| Ulvik 2197 IKT-utstyr politisk 2023-2027 | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2198 Varslingssystem Brakanes skule | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2250 Kinoutstyr | 938 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 3439 Investeringar Helse 2024-2027 | 2 789 000 | 233 000 | 0 | 0 |
| Ulvik 4534 Handlingsplan veg 2024-2027 | 2 138 000 | 1 394 000 | 4 250 000 | 2 138 000 |
| Ulvik 4535 VA-plan vatn 2024-2027 | 2 700 000 | 5 200 000 | 2 150 000 | 1 650 000 |
| Ulvik 4536 VA-plan avløp 2024-2027 | 2 400 000 | 4 900 000 | 2 150 000 | 1 150 000 |
| Ulvik 4537 Vedlikehaldsplan bygg 2024-2027 | 11 964 000 | 3 375 000 | 2 000 000 | 1 949 000 |
| Ulvik 4538 Inventar Oppvekst 2024-2027 | 563 000 | 375 000 | 0 | 0 |
| Ulvik 9100 LÅN | -21 350 000 | -15 799 000 | -9 698 000 | -7 013 000 |

Investeringsoversikt 2024-2027 per tiltak

| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--|-----------|-----------|-----------|---------|
| FIN | | | | |
| Meirverdkompensasjon for investeringsprosjekt (024) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| FIN Startlån (036) | 5 000 000 | 0 | 5 000 000 | 0 |
| FIN Årets låneopptak (eks startlån) (037) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og velferd IT- utstyr 2024 (003) | 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og velferd elektronisk lås legekontor (006) | 312 500 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og velferd inventar og utstyr 2024 (001) | 729 579 | 232 625 | 0 | 0 |
| Helse og velferd medisinsk utstyr 2024 (004) | 246 875 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og velferd minibuss (007) | 1 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| OPV - Barnehagen (035) | 187 500 | 0 | 0 | 0 |
| OPV - IKT-utstyr til skulen (034) | 312 500 | 312 500 | 312 500 | 312 500 |
| OPV - Inventar til skulen (033) | 375 000 | 375 000 | 0 | 0 |
| OPV Varslingssystem (038) | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| SOP 50-bygget Brakanes skule (012) | 192 500 | 192 500 | 192 500 | 192 500 |
| SOP 70-bygget Brakanes skule (013) | 113 750 | 113 750 | 113 750 | 113 750 |
| SOP 80-bygget Brakanes skule (014) | 73 750 | 73 750 | 73 750 | 73 750 |
| SOP 90-bygget Brakanes skule (015) | 107 500 | 107 500 | 107 500 | 107 500 |
| SOP Barnehagen (011) | 1 118 750 | 93 750 | 93 750 | 93 750 |
| SOP Brakanes skule (039) | 312 500 | 312 500 | 312 500 | 0 |
| SOP Elvatun (043) | 50 000 | 1 300 000 | 50 000 | 412 500 |
| SOP Fleir brukshall (017) | 212 500 | 37 500 | 37 500 | 37 500 |
| SOP Gili (044) | 662 500 | 37 500 | 37 500 | 37 500 |



| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|
| SOP Handlingsplan veg (025) | 2 137 500 | 1 393 750 | 4 250 000 | 2 137 500 |
| SOP Haugesenteret (009) | 81 250 | 81 250 | 81 250 | 350 000 |
| SOP Holmen idrettsanlegg (041) | 62 500 | 62 500 | 62 500 | 62 500 |
| SOP Sentrumsbygget (010) | 2 398 750 | 761 250 | 636 250 | 261 250 |
| SOP Symjehall (016) | 6 375 000 | 73 750 | 73 750 | 73 750 |
| SOP Ulvik omsorgstun (042) | 125 000 | 125 000 | 125 000 | 125 000 |
| SOP Utleiebustader (040) | 77 810 | 2 510 | 2 510 | 7 530 |
| SOP VA-plan avløp 2024-2027 (027) | 2 400 000 | 4 900 000 | 2 150 000 | 1 150 000 |
| SOP VA-plan vavn 2024-2027 (026) | 2 700 000 | 5 200 000 | 2 150 000 | 1 650 000 |
| STA Acos websak, oppgradering til skydrift (020) | 393 750 | 0 | 0 | 0 |
| STA Avlevering arkiv 1992-2000 (018) | 0 | 500 000 | 0 | 437 500 |
| STA Backupserver (028) | 162 500 | 0 | 0 | 0 |
| STA Faste IKT-investeringar (032) | 187 500 | 187 500 | 187 500 | 187 500 |
| STA IKT-utstyr Kvam (031) | 0 | 250 000 | 0 | 250 000 |
| STA IKT-utstyr politisk 2023-2027 (030) | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| STA Integrasjon websak (021) | 131 250 | 0 | 0 | 0 |
| STA Ny brannmur (023) | 437 500 | 0 | 0 | 0 |
| STA Ny programvare Eadm (029) | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| STA Nye servere/diskhyller (019) | 0 | 500 000 | 0 | 0 |
| STA Nytt kinoutstyr (022) | 937 500 | 0 | 0 | 0 |

1.4.8 Disponible fond

Ulvik herad har fire ulike typer fond, som kan nyttast i tillegg til vanlege inntekter:

- Disposisjonsfond (frie midlar som kan løvvast til både drift og investeringsføremål)

- Bundne driftsfond (midlar som berre kan nyttast til øyremerka driftsføremål)
- Ubundne investeringsfond (frie midlar som berre kan løyvast til investeringsføremål)
- Bundne investeringsfond (midlar som berre kan nyttast til øyremerka investeringsføremål)

Bundne drifts- og investeringsfond vil variera gjennom åra, avhengig av mottekne tilskot og er ikkje nytta i budsjettet. Det opplystast difor berre om tilgjengelege midlar per 18.11.23.

Dispositionsfond og ubundne investeringsfond presenterast i økonomiplanperioden etter tiltenkt saldo ved årsslutt.

Bundne driftsfond har over tid bygd seg opp med eksterne tilskotsmidlar som ikkje vert nytta. Fondsmidlane vil i 2024 gjennomgåast på overordna nivå med tanke på å nytta midlar som ikkje krev omfattande tiltak i 2024 og laga ein plan for bruk av midlar med rapporteringsplikt og føringar.

| Fond | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Dispositionsfond (estimat) | -12 737 620 | -18 356 536 | -19 983 758 | -22 926 743 | -26 044 380 |
| Ubundne investeringsfond | -236 238 | | | | |
| Bundne driftsfond per 18.11.23 | -5 109 119 | | | | |
| Bundne investeringsfond per 18.11.23 | -200 000 | | | | |


1.4.9 Næringsfondet

| Næringsfondet | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--------------------|------------|------------|------------|-------------|
| IB 01.01 | -9 078 328 | -8 752 675 | -9 302 022 | -9 851 369 |
| Planlagt bruk | 9 225 653 | 8 350 653 | 8 350 653 | 8 350 653 |
| Tilførsel | -6 900 000 | -6 900 000 | -6 900 000 | -6 900 000 |
| Forventa avkasting | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| UB 31.12 | -8 752 675 | -9 302 022 | -9 851 369 | -10 400 716 |

1.5 Organisasjon

1.5.1 Organisasjonskart

Administrativ organisering pr. 01.01.2024



Heradet sin organisasjonsmodell er basert på delegert mynde frå rådmannen til kommunalsjefane, i tillegg til nokre fagspesifikke delegasjonar.

Einingane

Einingane i Ulvik herad er resultateiningar, med kvar sin kommunalsjef. Desse har delegert fullt økonomi- og personalansvar, samt mynde innanfor eige budsjett, med eigne mål og rammer.

Ulvik herad si målsetting er å styrka rolla som samfunnsaktør, med effektiv ressursbruk, god kvalitet på tenestene, høg grad av brukarmedverknad og lokaldemokrati.

Administrasjonen er oppteken av at heradet sine tilsette skal fungera som eitt lag, med fokus på korleis me kan møta innbyggjarane sine behov på best mogleg vis. Me skal og vera ein positiv tenesteleverandør, samarbeidspart, tilretteleggjar og saksførebuar.

1.5.2 Sjukefråvær

Ulvik herad har som mål å halda sjukefråværet på eit lågast mogleg nivå. Sjukefråværet har vore høgare dei siste åra på grunn av koronapandemi. Det er eigne IA-program for barnehage og sjukeheimar som Ulvik må ta del i og bedriftshelsetenesta (BHT) er ein viktig samarbeidspartner i sjukefråværssarbeidet. Me har intern opplæring i sjukefråværssoppfølging for å sikra at me har gode rutinar og lik praksis på dette viktige temaet. Sjukefråværet har auka vesentleg gjennom pandemiåra og einingane vil ha særskilt fokus på tiltak for å redusera dette i åra framover.

| Sjukefråværs-utvikling | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|--------|--------|--------|--------|
| Totalt (eigenmelding og legemeldt kort- og langtidsfråvær) | 5,62 % | 6,30 % | 6,78 % | 8,53 % |

1.5.3 Kompetanseutvikling

Plan for kompetanseutvikling for Ulvik herad er frå 2007 og er under revisjon i 2023 i tråd med vedteken planstrategi. Målet er å ha ein ferdig "Kompetanseplan for Ulvik herad" innan utgangen av juni 2024. Kompetanseutvikling av eigne tilsette er viktig, og det må setjast av midlar til kompetanseutvikling for å kunna oppretthalda god kvalitet på tenestene våre. Det er krevjande å rekruttera til visse fagstillingar, og me må ha ein aktiv strategi for å få tak i nødvendig arbeidskraft. Gjennom arbeidet med "Kompetanseplanen" vil me identifisera tiltak som skal hjelpe oss å få tilgang på god arbeidskraft framover. Det er viktig med internopplæring av eigne tilsette innan ulike fagsystem som me nyttar i arbeidskvardagen vår.

1.5.4 Helse, miljø og tryggleik - HMT

Det vert jamleg halde møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og Administrasjonsutvalet.

AMU er eit reint administrativt organ der tre kommunalsjefar, to tillitsvaldrepresentantar, eitt hovudvernombod og ein representant frå bedriftshelsetenesta deltek. AMU handsamar aktuelle saker innan HMT-feltet og er AKAN-utval for Ulvik herad (AKAN har oppgåver relatert til personalsakar som gjeld misbruk av alkohol, narkotika og andre former for avhengigkeit). AMU er etablert som eit partsutval for å sikra gode faglege drøftingar og samarbeid mellom arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida.

Administrasjonsutvalet er eit politisk utval som handsamar saker av administrativ art som ikkje er delegerte til administrasjonen. I Ulvik herad er det meste delegert til rådmannen og tal saker til handsaming er lågt.

Det er eigne arbeidsmiljøgrupper i einingane der tillitsvalde og verneombod har jamlege møte med leiinga.

Det vert utarbeidd ein overordna HMT-plan kvart år, som vert vedteken i AMU. Einingane utarbeidar eigne lokale HMT-planar med aktuelle tiltak.

Det er årlege vernerundar på alle verneområda, der ein registerer naudsynte tiltak. Det er sett av ein årleg pott som verneomboda fordeler etter gjennomførte vernerundar.

Ulvik herad har årleg trimaksjon, denne aksjonen pleier å vekkja engasjement og god stemning. I tillegg sponsrar Ulvik herad, etter søknad treningskort med inntil kr 600.

Det er god aktivitet på HMT-området i Ulvik herad og det er jamlege møter mellom administrasjon og hovudverneombod. I tillegg har einingane jamleg møte med lokale verneombod.

Personalpolitiske retningsliner skal reviderast i 2024. I dette arbeidet deltek kommunalsjefar, hovedtillitsvalde og hovedverneombod.

Ulvik herad starta arbeidet med organisasjonsutviklingsverktøyet 10-faktor og hadde fleire opplæringsøkter og informasjonsmøter i 2023. Medarbeidarundersøkjinga skal gjennomførast i november/desember 2023. I 2024 skal me identifisera tiltak basert på medarbeidarundersøkjinga og setja desse i verk.

For perioden 2024 og framover er det fokus på:

- Overordna HMT-plan
- Einingsvise HMT-planar
- Registrering av avvik i Compilo og oppfølging av avvik
- Digitalisering av IK-system (Compilo). Digital dokumentasjon av rutinar, prosedyrer, instrukser, retningslinjer, planar og strategiar.
- 10-faktor: Oppfølging av funn i medarbeidarundersøkjinga, identifisera tiltak og gjennomføra desse
- Sjukefråvær og rutiner rundt dette
- Førebygging av "Vald mot tilsette" og korleis ein skal handtera truande åtferd
- Medarbeidarsamtale 1 gong i året for alle tilsette
- Oppfølging av Miljøfyrtårnordninga. Sentrumsbygget er sertifisert som Miljøfyrtårn og det blir årleg rapportert inn tal og miljøtiltak.

1.5.5 Likestilling

Ulvik herad er ein arbeidsplass med flest kvinnelege tilsette, tal fast tilsette per november 2023 er 182. **Av desse er 121 kvinner og 61 menn. (66,48% og 33,52%).** I tillegg til dei fast tilsette er det timeløna vikarar.

Ufrivillig deltid og heiltidskultur skal drøftast årleg med dei tillitsvalde. Ein del av deltidsstillingane er uønska deltid. Andre er ønska deltid med med bakgrunn i at det vert søkt om redusert arbeidstid for omsorg av små born. Ønska deltid medfører auke i uønska deltid.

Tariffavtalen har eige punkt om korleis ein skal handtera uønska deltidsstillingar. Det vart gjennomført ein kartlegging blant tilsette i 2022, for å sjå omfanget av uønska deltid, der det vart funne at dette er eit lite utstrekkt problem i Ulvik.

Det er jamleg møte med dei tillitsvalde der ein informerer om ledige stillingar, endringar i organisasjon og anna driftsrelatert informasjon. Samarbeidet mellom administrasjon og fagforeiningane fungerer godt.

1.5.6 Etikk

Etiske retningsliner for Ulvik herad vart revidert i 2022 og gjeld for tilsette i Ulvik herad.

1.5.7 Klima og miljø

Miljøarbeid

Heradet arbeider målretta mot miljømåla stadfesta i Energi-, klima- og miljøplanen. Overgang til energisparande lyskjelder, opprusting av varmeanlegg og oppfølgjing av energikostnadene er i fokus. Dette vil ha eit endå sterkare fokus i 2024 med overgang til led og større fokus på energibruk. Heradet praktiserar og ombruk av datautstyr.

Det er etablert ladepunkt for elbilar både ved sentrumsbygget, heradshuset, omsorgstunet og i Gili. I tillegg til klimaplanen er fleire miljømål stadfesta i Kommunedelplan for vatn, avlaup og miljø. Mellom anna god kvalitet på drikkevatn og tilfredstillande resipientundersøkjing.

Miljøfyrtårn

Sentrumsbygget er Miljøfyrtårnsertifisert. Bygget må resertifiserast kvart tredje år. Siste gong det vart resertifisert var i 2022, slik at neste resertifisering må skje før 03.05.25.

Miljøfyrtårn er eit verktøy for å jobbe konkret med berekraft innan område som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Miljøgruppa på Sentrumsbygget har årshjul for dette arbeidet og leverer årleg inn klima- og miljørapporet innan 1.april. Rapporten vert lagt fram som melding for politikarane.

Prosjektstillinga som vart oppretta i 2023 har jobba med mellom anna dette, trafikksikringsplan og kunnskapsgrunnlaget til kommuneplanen. Målet er å klara å forlenga denne stillinga med prosjektmidlar, men pr. idag ligge stillinga ligg inne i budsjettet ut mars 2024 på område 280.

1.6 Internkontroll og tilsyn

1.6.1 Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre, og at me følgjer lover og reglar. I Ulvik herad skal me «bygga ut» internkontrollsystemet Compilo som verktøy for å gjera det enklare for oss å ha internkontroll i alle einingane. Me har allereie nytta avviksmodulen til Compilo eit par år og har no gått til innkjøp av dokumentmodulen som vil liggja på same sida som avviksinnmeldinga, ei side dei fleste tilsette kjenner til.

Desse vilkåra må på plass for å få internkontrollen på eit akseptabelt nivå: formalisering, risikovurdering og kontrollaktivitetar. Målet vårt er at all dokumentasjon knytt til internkontroll skal vera strukturert, digitalisert og tilgjengeleg frå ei side som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Digitalisering: I dag manglar me EIN plass for slik dokumentasjon.

Tilstrekkeleg og oppdatert dokumentasjon er ein føresetnad for læring og utvikling, både i opplæring av nyttilsette og i vedlikehalds- og forbettingsprosessar. I dag har me ikkje eit samla system for slik dokumentasjon. Noko finn ein på heimesida, mykje i papir, noko i mappeområde, noko på teams, osb. Ved å ta i bruk Compilo sin dokumentmodul er målet å samla all dokumentasjon på ein plass og tilgjengeleg gjera den for alle tilsette digitalt. I dokumentmodulen kan me m.a.. ta i bruk leseliste for å få oversikt over at ei rutine er lest av alle ho gjeld.

Me er i gang med å bygge systemet og skal implementera det til våren 2024.

Personvern - GDPR:

Ulvik herad er nøgd med personvernombodstenesta frå Bergen kommune og har signert ny avtale på dette. Me har fått på plass viktige styringsdokument innan arbeidet med personvern og har oppretta eit tryggleiksforum (leiargruppa) som møtest kvar 3.månad . Spesialkonsulent og Kommunedirektør har jamlege statusmøte med ombodstenesta. Alle tenesteområda har laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova. I november vart me med i Pilotprosjektet SkoleSec som rettar seg spesielt mot kompetanse innan personvern for merkantilt tilsette i skule. Ein viktig del av dette prosjektet er å bygge kompetansen ut i eiga organisasjon etter deltaking på seminar.

Vedtaksoppfølging:

Me kan enkelt kan hente ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har korger i sakssystemet som inneholder politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

Jamleg opplæring: Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet ca. kvar 6. veke, med ulike tema.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll:

Revisjonen har i 2020 utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 til 2023. Dette er ei lovpålagt oppgåve som kommunestyret skal gjennomføra minimum ein gong pr. valperiode. Planane skal vedtakast første året etter kommunevalet og danna grunnlaget for kontrollutvalet sine prioriteringar.

I samband med gjennomføringa vart det utført ein analyse over moglege risikoområder knytt til kommunen sin tenesteproduksjon og drift. Denne analysen er omtalt i kommunelova som risiko- og vesentlegvurdering (ROV). Som ledd i dette arbeidet hadde revisjonen eit prosessmøte med den administrative leiinga, saman med ordførar, politiske gruppeleiarar, kontrollutval og sekretariat for Ulvik herad. Møtet vart og nytta for å få innspel til eigarskapskontrollen.

I møtet gjekk ein gjennom konkrete risikoområder i Ulvik herad, som ein bør ha fokus på og kva konsekvensar det kan få for den eller dei som vert råka. Det var særleg drøfta risiko og konsekvensar relatert til tre perspektiv;

- Innbyggarperspektivet
- Organisasjonsperspektivet
- Samfunnsperspektivet

På bakgrunn av gjennomført prosessmøte og utført analyse, la revisjonen fram "Plan for forvaltningsrevisjon" og "Plan for eigarskapskontroll" for Kontrollutvalet.

1.6.2 Tilsyn

Det vert gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt etter §15. Dette er skulen, barnehagen, Finse skule, etc. Tilsynet vert gjennomført av Voss brann og redning, saman med respektive representantar frå einingane.

I tilsynskalendaren er det oppført planlagt tilsyn av folkehelse i januar-april 2024. Vassforsyning hadde tilsyn i 2023 og vert ferdigstilt i 2024 etter gjennomgang av funn. Det har i 2023 vore gjennomført forvaltningsrevisjon av kjøp av tenester frå andre kommunar, der rapporten vart lagt

fram i desember 2023.

Skjenkekontrollen i Kvam har tilsyn/kontroll med sals- og skjenkenæringa.

Vestnorske feiertenester har tilsyn og kontroll med piper og eldstader i bustader og hytter.

Sjå elles same punkt under einingane for einingsspesifikke tilsyn.

1.7 Økonomiske oversikter

Økonomisk oversikt drift §5-6 2024-2027

| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Ulvik | | | | | | |
| Rammetilskudd | -64 843 000 | -64 545 000 | -67 902 000 | -68 500 000 | -68 841 000 | -68 791 000 |
| Inntekts- og formuesskatt | -29 530 000 | -28 215 000 | -30 742 000 | -30 878 000 | -31 040 000 | -31 198 000 |
| Eiendomsskatt | -9 458 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 |
| Andre skatteinntekter | -16 852 000 | -15 900 000 | -16 951 000 | -16 951 000 | -16 951 000 | -16 951 000 |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten | -125 000 | -202 000 | -160 000 | -160 000 | -160 000 | -160 000 |
| Overføringer og tilskudd fra andre | -51 257 000 | -44 449 000 | -46 599 000 | -38 102 000 | -38 102 000 | -38 102 000 |
| Brukertilbetalinger | -5 830 000 | -6 891 000 | -6 957 000 | -6 957 000 | -6 957 000 | -6 957 000 |
| Salgs- og leieinntekter | -9 357 000 | -11 237 000 | -13 132 000 | -12 511 000 | -13 476 000 | -13 818 000 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | -187 252 000 | -183 032 000 | -194 035 000 | -185 652 000 | -187 121 000 | -187 570 000 |
| Lønnsutgifter | 87 321 000 | 81 313 000 | 90 117 000 | 88 128 000 | 87 153 000 | 87 253 000 |
| Sosiale utgifter | 20 095 000 | 22 193 000 | 23 334 000 | 24 283 000 | 25 437 000 | 25 136 000 |
| Kjøp av varer og tjenester | 52 959 000 | 50 134 000 | 48 506 000 | 45 826 000 | 45 636 000 | 45 636 000 |
| Overføringer og tilskudd til andre | 21 791 000 | 16 240 000 | 20 767 000 | 18 464 000 | 17 964 000 | 17 964 000 |
| Avskrivninger | 10 338 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 |
| SUM DRIFTSUTGIFTER | 192 505 000 | 180 263 000 | 193 106 000 | 187 084 000 | 186 573 000 | 186 373 000 |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | 5 253 000 | -2 769 000 | -929 000 | 1 432 000 | -548 000 | -1 198 000 |
| Renteinntekter | -3 552 000 | -4 405 000 | -4 788 000 | -5 092 000 | -5 545 000 | -5 681 000 |
| Utbytter | -2 144 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 |

| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 1 510 000 | 0 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| Renteutgifter | 5 998 000 | 8 376 000 | 9 672 000 | 10 159 000 | 10 497 000 | 10 745 000 |
| Avdrag på lån | 5 641 000 | 6 843 000 | 6 965 000 | 7 861 000 | 8 376 000 | 8 732 000 |
| NETTO FINANSUTGIFTER | 7 454 000 | 6 663 000 | 5 697 000 | 6 776 000 | 7 177 000 | 7 644 000 |
| Motpost avskrivninger | -10 338 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 2 369 000 | -6 490 000 | -5 615 000 | -2 174 000 | -3 754 000 | -3 937 000 |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring til investering | 0 | 767 000 | 454 000 | 454 000 | 454 000 | 454 000 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 15 162 000 | 6 105 000 | 9 246 000 | 9 170 000 | 9 193 000 | 9 201 000 |
| Bruk av bundne driftsfond | -18 658 000 | -9 542 000 | -9 704 000 | -9 077 000 | -8 836 000 | -8 836 000 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 3 971 000 | 15 812 000 | 8 005 000 | 3 514 000 | 3 879 000 | 4 054 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | -2 843 000 | -6 651 000 | -2 386 000 | -1 886 000 | -936 000 | -936 000 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT | -2 369 000 | 6 490 000 | 5 615 000 | 2 174 000 | 3 754 000 | 3 937 000 |
| FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Løyvingsoversikt drift §5-4 1. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|------------------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Ulvik | | | | | | |
| Rammetilskudd | -64 843 000 | -64 545 000 | -67 902 000 | -68 500 000 | -68 841 000 | -68 791 000 |
| Inntekts- og formuesskatt | -29 530 000 | -28 215 000 | -30 742 000 | -30 878 000 | -31 040 000 | -31 198 000 |
| Eiendomsskatt | -9 458 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 | -11 593 000 |



| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Andre generelle driftsinntekter | -16 976 000 | -16 102 000 | -17 111 000 | -17 111 000 | -17 111 000 | -17 111 000 |
| SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER | -120 808 000 | -120 455 000 | -127 348 000 | -128 082 000 | -128 585 000 | -128 693 000 |
| Sum bevilgninger drift, netto | 115 722 000 | 107 303 000 | 116 036 000 | 119 131 000 | 117 654 000 | 117 112 000 |
| Avskrivinger | 10 338 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 |
| SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER | 126 061 000 | 117 686 000 | 126 419 000 | 129 514 000 | 128 037 000 | 127 495 000 |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | 5 253 000 | -2 769 000 | -929 000 | 1 432 000 | -548 000 | -1 198 000 |
| Renteinntekter | -3 552 000 | -4 405 000 | -4 788 000 | -5 092 000 | -5 545 000 | -5 681 000 |
| Utbrytter | -2 144 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 | -4 152 000 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 1 510 000 | 0 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| Renteutgifter | 5 998 000 | 8 376 000 | 9 672 000 | 10 159 000 | 10 497 000 | 10 745 000 |
| Avdrag på lån | 5 641 000 | 6 843 000 | 6 965 000 | 7 861 000 | 8 376 000 | 8 732 000 |
| NETTO FINANSUTGIFTER | 7 454 000 | 6 663 000 | 5 697 000 | 6 776 000 | 7 177 000 | 7 644 000 |
| Motpost avskrivinger | -10 338 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 2 369 000 | -6 490 000 | -5 615 000 | -2 174 000 | -3 754 000 | -3 937 000 |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring til investering | 0 | 767 000 | 454 000 | 454 000 | 454 000 | 454 000 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 15 162 000 | 6 105 000 | 9 246 000 | 9 170 000 | 9 193 000 | 9 201 000 |
| Bruk av bundne driftsfond | -18 658 000 | -9 542 000 | -9 704 000 | -9 077 000 | -8 836 000 | -8 836 000 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 3 971 000 | 15 812 000 | 8 005 000 | 3 514 000 | 3 879 000 | 4 054 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | -2 843 000 | -6 651 000 | -2 386 000 | -1 886 000 | -936 000 | -936 000 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT | -2 369 000 | 6 490 000 | 5 615 000 | 2 174 000 | 3 754 000 | 3 937 000 |



| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Løvingsoversikt budsjettområde §5-4 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|-------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Stab | | | | | | |
| Driftsinntekter | -2 716 000 | -298 000 | -1 541 000 | -1 541 000 | -1 541 000 | -1 541 000 |
| Driftsutgifter | 32 062 000 | 29 246 000 | 31 945 000 | 30 545 000 | 30 045 000 | 30 045 000 |
| Netto | 29 346 000 | 28 947 000 | 30 404 000 | 29 004 000 | 28 504 000 | 28 504 000 |
| Oppvekst | | | | | | |
| Driftsinntekter | -7 761 000 | -4 637 000 | -3 646 000 | -3 646 000 | -3 646 000 | -3 646 000 |
| Driftsutgifter | 42 941 000 | 42 834 000 | 44 963 000 | 44 415 000 | 44 415 000 | 44 415 000 |
| Netto | 35 181 000 | 38 197 000 | 41 317 000 | 40 769 000 | 40 769 000 | 40 769 000 |
| Helse og velferd | | | | | | |
| Driftsinntekter | -15 455 000 | -13 620 000 | -13 721 000 | -13 391 000 | -13 391 000 | -13 391 000 |
| Driftsutgifter | 64 790 000 | 60 052 000 | 66 664 000 | 63 429 000 | 62 529 000 | 62 529 000 |
| Netto | 49 335 000 | 46 432 000 | 52 943 000 | 50 038 000 | 49 138 000 | 49 138 000 |
| Samfunn og plan | | | | | | |
| Driftsinntekter | -13 317 000 | -11 357 000 | -12 543 000 | -11 922 000 | -12 888 000 | -13 229 000 |
| Driftsutgifter | 37 047 000 | 32 440 000 | 28 688 000 | 26 827 000 | 26 562 000 | 26 662 000 |
| Netto | 23 730 000 | 21 083 000 | 16 145 000 | 14 905 000 | 13 675 000 | 13 433 000 |
| Finans | | | | | | |
| Driftsinntekter | -27 196 000 | -32 665 000 | -35 237 000 | -27 071 000 | -27 071 000 | -27 071 000 |
| Driftsutgifter | 5 327 000 | 5 308 000 | 10 463 000 | 11 486 000 | 12 639 000 | 12 339 000 |
| Netto | -21 869 000 | -27 357 000 | -24 773 000 | -15 585 000 | -14 432 000 | -14 732 000 |

Løyingsoversikt §5-5 1. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Ulvik | | | | |
| Investeringer i varige driftsmidler | 25 491 000 | 17 226 000 | 11 050 000 | 8 074 000 |
| Tilskudd til andres investeringer | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 0 | 0 | 0 | 0 |



| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|
| Utlån av egne midler | 5 000 000 | 0 | 5 000 000 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SUM INVESTERINGSUTGIFTER | 30 491 000 | 17 226 000 | 16 050 000 | 8 074 000 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -4 140 000 | -1 427 000 | -1 352 000 | -1 061 000 |
| Tilskudd fra andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Salg av varige driftsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Salg av finansielle anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling fra selskaper | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -26 350 000 | -15 799 000 | -14 698 000 | -7 013 000 |
| SUM INVESTERINGSINNTEKTER | -30 491 000 | -17 226 000 | -16 050 000 | -8 074 000 |
| Videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån til videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån til videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| NETTO UTGIFTER VIDEREUTLÅN | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring fra drift | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til ubundet investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundet investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års udekket beløp | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum overføring fra drift og netto avsetninger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fremført til inndekning i senere år udekket beløp | 0 | 0 | 0 | 0 |



Løyvingsoversikt §5-5 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Ulvik 0 (Ingen prosjekt) | -4 140 000 | -1 427 000 | -1 352 000 | -1 061 000 |
| Ulvik 2104 IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall) | 0 | 250 000 | 0 | 250 000 |
| Ulvik 2105 IKT skule | 313 000 | 313 000 | 313 000 | 313 000 |
| Ulvik 2117 Ny Brannmur | 438 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2134 Nettverksutstyr | 163 000 | 500 000 | 0 | 0 |
| Ulvik 2136 Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025 | 0 | 500 000 | 0 | 438 000 |
| Ulvik 2192 ACOS skybasert løysing 2023- 2025 | 394 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2193 Compilo IK 2023-2024 | 131 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2195 Ny programvare E-admin 2024 | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2196 Faste IKT- investeringar Stab 2024-2027 | 188 000 | 188 000 | 188 000 | 188 000 |
| Ulvik 2197 IKT-utstyr politisk 2023-2027 | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2198 Varslingssystem Brakanes skule | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 2250 Kinoutstyr | 938 000 | 0 | 0 | 0 |
| Ulvik 3439 Investeringar Helse 2024-2027 | 2 789 000 | 233 000 | 0 | 0 |
| Ulvik 4534 Handlingsplan veg 2024-2027 | 2 138 000 | 1 394 000 | 4 250 000 | 2 138 000 |
| Ulvik 4535 VA-plan vatn 2024-2027 | 2 700 000 | 5 200 000 | 2 150 000 | 1 650 000 |
| Ulvik 4536 VA-plan avløp 2024-2027 | 2 400 000 | 4 900 000 | 2 150 000 | 1 150 000 |
| Ulvik 4537 Vedlikehaldsplan bygg 2024-2027 | 11 964 000 | 3 375 000 | 2 000 000 | 1 949 000 |
| Ulvik 4538 Inventar Oppvekst 2024-2027 | 563 000 | 375 000 | 0 | 0 |

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Ulvik 9100 LÅN | -21 350 000 | -15 799 000 | -9 698 000 | -7 013 000 |

2 Stab

2.1 Organisasjon

2.2 Tenesteproduksjon

2.2.1 Innleiing

Staben har følgjande teneste på sitt budsjett:

| 1000 | Heradstyre/formannskap |
|------|------------------------------|
| 1001 | Politiske råd og utval |
| 1003 | Val |
| 1004 | Revisjon, kontrollutval |
| 1005 | Politiske komiteer |
| 1200 | Felles administrasjon |
| 1201 | IKT |
| 1204 | Personal - felles |
| 1804 | Eldreråd |
| 1805 | Ungdomsråd |
| 3250 | Tilrettelegging næringsliv |
| 3252 | Drift av turistkontor |
| 3650 | Kulturminneforvaltning |
| 3700 | Ulvik folkebibliotek |
| 3730 | Kino |
| 3750 | Museum |
| 3770 | Kunstformidling |
| 3800 | Støtte idrettsorganisasjonar |
| 3850 | Kulturadministrasjon |
| 3851 | Lokalhistorisk arkiv |
| 3852 | Andre kulturaktivitetar |
| 3900 | Kyrkja |

2.2.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

2.2.2.1 Økonomi

Løyvingsoversikt §5-4 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|-----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Stab | | | | |
| Driftsinntekter | -1 541 000 | -1 541 000 | -1 541 000 | -1 541 000 |
| Driftsutgifter | 31 945 000 | 30 545 000 | 30 045 000 | 30 045 000 |
| Netto | 30 404 000 | 29 004 000 | 28 504 000 | 28 504 000 |

Løyvingsoversikt §5-5 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Stab 2104 IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall) | 0 | 250 000 | 0 | 250 000 |
| Stab 2117 Ny Brannmur | 438 000 | 0 | 0 | 0 |
| Stab 2134 Nettverksutstyr | 163 000 | 500 000 | 0 | 0 |
| Stab 2136 Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025 | 0 | 500 000 | 0 | 438 000 |
| Stab 2192 ACOS skybasert løysing 2023- 2025 | 394 000 | 0 | 0 | 0 |
| Stab 2193 Compilo IK 2023-2024 | 131 000 | 0 | 0 | 0 |
| Stab 2195 Ny programvare E-admin 2024 | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Stab 2196 Faste IKT- investeringar Stab 2024-2027 | 188 000 | 188 000 | 188 000 | 188 000 |
| Stab 2197 IKT-utstyr politisk 2023-2027 | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Stab 2250 Kinoutstyr | 938 000 | 0 | 0 | 0 |

Investeringsoversikt 2024-2027 per tiltak

| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|--|---------|---------|---------|---------|
| STA Acos websak, oppgradering til skydrift (020) | 393 750 | 0 | 0 | 0 |
| STA Avlevering arkiv 1992-2000 (018) | 0 | 500 000 | 0 | 437 500 |
| STA Backupserver (028) | 162 500 | 0 | 0 | 0 |
| STA Faste IKT- investeringar (032) | 187 500 | 187 500 | 187 500 | 187 500 |
| STA IKT-utstyr Kvam (031) | 0 | 250 000 | 0 | 250 000 |
| STA IKT-utstyr politisk 2023-2027 (030) | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| STA Integrasjon websak (021) | 131 250 | 0 | 0 | 0 |
| STA Ny brannmur (023) | 437 500 | 0 | 0 | 0 |
| STA Ny programvare Eadm (029) | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| STA Nye servere/diskhyller (019) | 0 | 500 000 | 0 | 0 |
| STA Nytt kinoutstyr (022) | 937 500 | 0 | 0 | 0 |

2.2.2.2 Årsverk

Årsverk

| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige |
|--------|-----------------------|-------|--------------|
| 210 | 12,6 | 12,6 | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

I 12,6 årsverk ligg bemanning på turistkontoret (20 % heilår og 180 % Sesongbemanning) og omstillingsprosjektet (1 årsverk), i tillegg til 3 x 6,5 % kinomaskinist deltid.

2.2.2.3 Mål for økonomiplanperioden

Faglege målsetjingar og strategiar:

1. IKT-struktur og IT-tryggleik i Ulvik herad

Det har vore stor utvikling innan IKT-fagområdet siste år: Møteromma har vorte oppdatert med nytt digitalt utstyr og siste del av dette arbeidet er i ferd med å falla på plass: Nytt møterom på Sentrumsbygget med teknologi som tillet overføring av digitale møter. Oppgradering av møteromma har vore viktig då det er ei auke i digitale møte, noko som er svært positivt då det minskar reisekostnader og reisetid til tilsette, pluss at det er eit godt miljøgrep.

Dei tilsette har fått laptopar, slik at dei er mobile og kan nyta heimekontor ved behov.

Me har gått over til mobilt sentralbord, dette vil forbetra innbyggjarservicen då tenestetorget vil ha betre oversikt og betre digitale funksjonar i kommunikasjonen mellom innbyggjarar og tilsette.

Digital struktur innan VA er eit samarbeid mellom kommunane Ulvik, Eidfjord og Granvin. Ny sikker pålogging er satt i drift. Framleis mykje som må avklarast om vidare drift. Granvin/Voss har sagt opp sin del av avtalen. Må avklara vidare drift med Eidfjord ev. ha eigen løysing. Dette prosjektet ligg hjå eininga Samfunn og plan.

IT-avdelinga har fokus på betre systemarkitektur, og me har eit mål om færre systemleverandørar og betre kunnskap om dei digitale systema me har.

Det er ei vesentleg auke i digitale truslar mot verksemder og kommunar. Det er og har vore eit stort fokus på It-tryggleik både regionalt og nasjonalt den siste tida. Det kjem stadig nye krav/oppfordringar frå nasjonale myndigheter på IT-tryggleik. For eit lite herad som Ulvik er det ikkje mogeleg å stetta alle desse krava åleine. Me må gjennom vore driftspartnarar og andre medlemskap søke bistand og hjelpe:

- Driftssamarbeid med Kvam/Eidfjord
 - Dette samarbeidet vil i 2024 gå over i eit større pilotprosjekt der ein ser på moglegheita for eit samarbeid med kommunane Voss og Sogndal
 - Her vil ein sjå på ulike samarbeidsområde. T.D. innan IT-tryggleiksarbeid, innkjøp, IT-drift og liknande.
- Digivestland
 - Ulike nasjonale prosjekt er gjennomført via dette medlemskapet
 - Ser og for seg eit større samarbeid innan IT-tryggleik på tvers av kommunane.
- Kommune C-sirt
 - Informerer om digital angrep, gjennomfører testar og bistår ved behov
- Helse C-sirt
 - Medlem via Norsk helsenett.

Me har ei gradvis overgang til skybaserte løysingar hjå leverandørar for å minimera sårbarheten i eigne system. Det er stort fokus på opplæring av tilsette i trygg digital kvardag og opplæring i kva som kan vera digitale truslar. Me må også tryggleiken i eigne system òg, og må difor gjera ein investering i ny brannmur og kjøpa lisensar med høgare tryggleiksgrad.

Me vil gå til innkjøp av ny programvare, E-adm, for å automatisera oppretting og sletting av tilsette, dette vil gje ein betydeleg effektiviseringsgevinst.

Det er stadig aukande krav til digitalisering frå statlege organ, tilsette og brukarar, me jobbar kontinuerleg for å imøtekoma dette kravet.

2. Digitalisera arbeidsprosesser i Ulvik herad

Det har vore gjort mykje godt arbeid innan digitalisering i Ulvik herad og me jobbar heile tida for å møta dagens behov innan tilgjengeleghet og fleksibilitet, både for innbyggjarane og for oss tilsette.

Sakssystemet må jamleg oppgraderast. Me er no på veg over på skydrift av saks- og arkivsystemet, møteportalen, digitale skjema m.m. Me går etter planen opp i skyen i januar 2024. Programvaren vert då oppdatert og drifta i et heil-norsk skysenter, slik at me er sikre på at alle krav i arkivlova vert oppfylt. Ved Skydrift vil me til einkvar tid vera oppgradert til nyaste versjonar med maksimal stabilitet og ytelse.

Me er i gang med ny innsynsmodul. Frå innbyggjarperspektivet vil dette vera eit stort løft når det kjem til tilgjenge på informasjon. Nye innsyn er gjenkjennelig og lagt opp etter nettbutikk og finn.no prinsippet med enkel filtrering og stort søkefelt. Ny funksjonalitet sikrar også internkontrollarbeidet for arkivet på ein betre måte.

Me arbeider kontinuerleg med å utvikla digitale skjema og signaturar for både tilsette og innbyggjarar. Det er eit omfattande arbeid å få alle dokument over på digitale flater. Det er alltid eit mål å få god flyt på alle skjema og innmeldingar i personal- og lønssystem. Dette arbeidet vil vera kopla mot forbeting/fornying av økonomisystemet som starta i 2022 og vil fortsetja dei komande åra.

Eit anna tiltak for å forbetra flyten i arbeidet er integrasjonar mellom ulike system. Me er i gang med integrasjonar frå fagsystem innan både skule, barnehage, drift og avvik til arkivsystemet.

Redaksjonsgruppa har møte ein gong i veka for å sikra at vår heimeside, kommuneapp og infoskjermer alltid er oppdatert. Dette er eit stort felt og me set pris på, og er heilt avhengige av tilbakemeldingar frå innbyggjarane.

Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å fornya, forenkla og forbetre. Det handlar om å tilby tenester som er enkle å bruka, effektive og pålitelige. Me må kontinuerleg utvikla fagkompetansen og halda oss oppdatert innan digitalisering slik at me kan:

- Ta gode avgjersler når det kjem til digitale behov både internt og eksternt.
- Auka kompetansen når det kjem til digital langtidsbevaring og tilgjengeleggjering.
- Fortsette arbeidet med å bygge inn nye og eksisterande rutinar og prosessar i våre digitale system

3. Internopplæring av tilsette i fag- og sakssystem

Staben har ei rolle inn mot resten av organisasjonen i opplæring i sakshandsaming- og økonomisystem. Det er viktig at tilsette handterer dei digitale verktøya godt, og det blir difor jamleg arrangert kurs gjennom året, cirka kvar 6. veke.

Det vert jamleg halde kurs for kommunalsjefar i økonomi- og personalsystem. Me har fagdagar for leiarar, mellomleiarar, tillitsvalde og vernombod 2 - 4 gongar i året med ulike og relevante temaer.

Me har starta arbeidet med Kompetanseplan som skal sikra god kompetanse blant tilsette, rekruttering og rett kompetanse framover. Dette arbeidet vil bli slutført første halvår 2024.

Me har knytta til oss ein juridisk rådgjevar innan arbeids- og personalrettfeltet, han held kurs for leiarar nokre gongar i året, pluss gjev råd i konkrete saker.

4. Rullering og vedtak av planverk og retningslinjer

Me har nesten henta inn att etterslepet på planar på stabsområdet, men dette arbeidet er tidskrevjande. Det er viktig å involvera tilsette og interessentar i prosessen slik at alle får eit eigarforhold til planen. På det viset sikrar me at vedtatte planar vert nytta i praksis.

Dei siste åra er det utarbeidd, revidert og oppdatert 25 planar/retningsliner/reglement i Stabseininga. Det er fortsatt nokre planar/retningsliner/reglement igjen som må utarbeidast eller oppdaterast. Desse er:

- Personalpolitiske retningsliner, revidering
- Kompetanse- og rekrutteringsplan, blir ferdig våren 2024
- Digitaliseringssstrategi for Ulvik herad

Desse planane er ikkje påstarta, men skal reviderast/utarbeidast:

- Rammer for arbeidsgjevarpolitikken i Ulvik herad (2007). Starta i 2025?
- Nytiflyttarmappe, starta i 2025?

5. HMT

Me utarbeidar årleg ein overordna HMT-plan som blir vedteken av AMU. I tillegg utformar kvar eining sin HMT-plan med tiltak som er særskild relevante for dei. Me fokuserer på å involvera verneombod og mellomleiarar meir i HMT-arbeid, noko som og vil stå i sentrum i 2024 og i økonomiplanperioden. Ein tek sikte på å ha 2 – 4 fagdagar i året for denne gruppa. I tillegg er det oppretta arbeidsmiljøgrupper i alle einingar der verneombod og tillitsvalde deltek på drøftingar ilag med leiar.

Avvik: Me har no nytta digitalt avvikssystem i 3 år og ser ei jamn stigning i tal innmeldte avvik. Det er fokus på opplæring og å laga ein god kultur for innmelding av avvik.. Avviksmeldingar er eit godt verktøy for å gjera oss betre.

Det er situasjonar der brukarar av kommunale tenester utøver vald, og me vil jobba særskild for å førebyggja dette, og å handtera dette på ein god måte når det oppstår. Bedriftshelsenesta har halde kurs på temaet i alle einingane i år. Me har utarbeidd og vedtatt utarbeidd ein plan for å førebyggja vald mot tilsette og sikra at me har gode rutinar for oppfylging i slike tilfelle.

Kvar vår er det trimaksjon for alle som arbeidar i heradet. Det er innført utdeling av julehelsing/gåve til alle tilsette. Me gjennomførte personalfest for heile organisasjonen i august og vil halde fram med dette.

Me skal fortsetja arbeidet med å halda sjukefråvær lågt og ha gode rutinar rundt oppfylging av sjukemeldte. Me kjem til å jobba meir med dei bransjespesifikke programma for barnehage og sjukeheimar i neste planperiode, og håper at desse programma kan vera gode verktøy.

Me har starta på opplæring i organisasjonsutviklingsverktøy 10-faktor og skal gjennomføra ei medarbeidarundersøkjing desember 2023. Planlegging og gjennomføring av tiltak basert på funn i medarbeidarundersøkjinga vil skje i 2024.

6. Beredskap

Me er ferdige med alt planverk innan beredskap, og dette skal opp til politisk handsaming vinteren 2023/2024. Det er viktig at alle einingar har gode planar, rutinar og kunnskap om beredskap i si eining og drift, det vil vera eit viktig arbeidsfelt i neste økonomiplanperiode.

Kommunikasjonsverktøyet Rayvn (nytt haust 2023) er innført og tatt i bruk. Opplæring og jamleg bruk vil stå sentralt framover.

Me har 1 satelitt-telefon på Finse og 1 i Osa. Det er lagt inn jamleg testing av desse.

Me har kjøpt inn befolkningsvarslingssystem til bruk i beredskapssamanheng. I varslingssystemet

er det òg lokasjonsvarsling, det vil seja at me kan nå alle personar med mobilar i eit geografisk område. Me vurderer dette som eit nyttig kommunikasjonsverktøy i ein krisesituasjon.

Me deltek på møte og samlingar i regi av Statsforvaltaren, dette er ein viktig arena for beredskapsarbeidet i kommunen. I tillegg deltek me på fagdagane innan beredskap som Statsforvaltar arrangerer kvar haust.

Me har delteke i "Eigenberedskapsveka" som DSB arrangerer kvar haust. Me har aktuelle nyhender på heimeside og FB denne veka, sender ut informasjonsbrosjyrer, m.m.

Me skal ha møte i Beredskapsrådet i første kvartal kvart år, dette er eit råd der alle aktuelle samarbeidsaktørar vert kalla inn til ei informasjonsutveksling.

Det regionale forumet for beredskapsarbeid for kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Voss har starta opp att og Ulvik deltek her. Me merkar eit auka fokus på beredskap frå politiet, Statsforvaltar og andre sentrale hold. Det kom ein ny NOU i 2023: "Nå er det alvor, NOU 2023:17". Det vil bli auka merksem på beredskap og høgare/strengare krav til kommunane innafor beredskapsfeltet. Ulvik må nok auka ressursane innan dette fletet dei nærmeste åra.

7. Kultur

Kinoen har visningar kvar søndag, og drifta er på veg tilbake til normal drift, pre-covid, med fleire større filmsatsingar og meir besøk. Kinoutstyret vårt er utrangert: Det er fleire reperasjoner gjennom året og me får ikkje forsikringsavtale på dette gamle utstyret. Kinoen er eit viktig kulturtilbod i bygda og eit viktig moment i bukvaliteten til Ulvik. I tillegg til kino kvar søndag, viser kinoen film 17. mai, på julegateopninga og har filmframvisning for skuleklassar i samband med den kulturelle skulesekken. Hardanger produksjonsskule har bestilt spesialframvisning for sine elevar og Fag forbundet har vist film for sine medlemar.

Me er i dialog med Eidfjord om samarbeid innan kinoen og det kan vera aktuelt med sal av kompetanse til Eidfjord, dette er ikkje heilt avklart enno. Me har fått pristilbod på nytt kinoutstyr og estimert pris er kr. 750.000. Nytt kinoutstyr er lagt inn i investeringstabellen for Stab.

Det vert årleg gjennomført fleire arrangement i lokal regi innafor ordninga Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Tilskotet frå fylkeskommune til Den kulturelle skulesekken vart vesentleg redusert i 2021, frå ca. kr. 28.000 til 17.000. Her går heradet inn med same beløp. Den kulturelle spaserstokken får ca. kr 38 000 i tilskot frå fylket. Me får til mange fine arrangement av desse midlane.

Tilskotsordningane kulturmidlar, kulturvernmidlar, kulturpris vert handsama på vårparten. Tilskot til ulike arrangement/kulturaktivitetar vert handsama fortløpende.

Hardanger kulturråd er eit samarbeidsorgan som bl.a. handsamar søker til det regionale kulturfondet. Det er årleg tildeling av tilskot.

I tillegg er det handsaming av årleg søker til næringsfondet og utbetaling av årlege tilskot.

Me handterer spelemiddelsøknader kvart år, og har godt samarbeid med fylket på dette. Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv er under revisjon.

Dagsturhytta vart opna desember 2021, og dagsturhytta har vorte ein veldig populær plass å besøkja for innbyggjarar og tilreisande, pr. august 2023 har det vore registrert 1800 - 2000 besøkande i turlagsboka. Taler er truleg høgare då mange ikkje registrerer seg. Ulvik turlag har tilsyn med hytta.

Finse forum har 2 årlege møter og Ulvik herad har sekretærfunksjon her.

Biblioteket har opent to dagar og to kveldar i veka. Kvart år får biblioteket om lag 500 nye bøker via innkjøpsordninga til kulturrådet, i tillegg kjøper biblioteket inn bøker på eiga budsjett for å fornye boksamlinga. Det er fokus på å ha eit godt samarbeid med barnehage og skule for å gjera biblioteket til ein god stad for born og unge.

Jamfør folkebiblioteklova blir det veklagt at bibliotek skal vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Det er eit mål at alle i Ulvik skal kunna nyta seg av biblioteket, uavhengig av alder og funksjonsnivå. For å leggja til rette for arrangement på biblioteket er det kjøpt inn nye mobile bibliotekhyller. Biblioteket tar imot tilbod om arrangement frå fylkesbiblioteket og samarbeider med lokale aktørar som Haugesenteret. Det er eit satsingsområdet dei neste åra å utvikla biblioteket til å bli ein møteplass og ein debattarena for fleire aldersgrupper.

Nytt fokusområde neste år er presentasjon av Bagnstronde skule på biblioteket: På kontoret som er utforma som eit utstillingsvindauga (Mot Snarkjøp). Stab, utedrift og Hjeltnes produksjonsskule, ilag med Arne Skjerven, har henta ut eit utval av gjenstandar, bøker og andre ting av kulturhistorisk verdi frå Bagnstronde skule. Kultureininga har vore i kontakt med Sogelaget, Haugesenteret, Hardanger og Voss museum, m.fl. og vil oppretta ei arbeidsgruppe som skal jobba med å dokumenta og formidla skulehistoria i Ulvik. Målet er å få ei skulestove som vil fungera både som "utstillingsvidauga i bygdebiletet" til glede for forbipasserande og som vil vera ein stad der skuleklassar og andre kan få kunnskap om skulehistoria til Ulvik og Bagnstronde skule (Jmf Kulturarvsplanen til Ulvik herad). Det er satt av kr. 120.000 på Næringsfondet til dette arbeidet.

8. Næring, reiseliv og bukommune

I 2023 vart rammeavtalen med Ulvik næringslag om leige av lokale til turistinformasjonen endra til ein 5-års avtale, samstundes som det er investert i nytt inventar. Huseigar og næringslag har og oppgradert lokala. Drifta av turistkontoret har funne ein form, men må utviklast kontinuerleg. Det er etablert eit godt samarbeid med Ulvik næringslag og Hardanger og Voss næringshage, noko som er viktig for utviklinga lokalt, og i den einskilde bedrift. Næringshagen har faste kontordagar i lokala til næringslaget.

Book Hardanger AS tilsette direktør i 2023 og er godt i gang med arbeidet for auka sal og omsetnad i lokale bedrifter. Selskapet er ein god samarbeidspartner for fellesprosjektet med Eidfjord, «Omstilling i reiselivet», som starta opp våren 2023. Prosjektleiar har kontor i lokala til næringslaget, og prosjektet er eit viktig bidrag for å løfte reiselivet etter pandemien. Visit Hardangerfjord som felles marknadsføringsselskap for regionen, har jobba særskilt med digital marknadsføring. Ulvik har mykje igjen for det arbeidet, og har samordna webpage. Det er eit mål for selskapet å starte opp med sertifisering som «Berekraftig reisemål» i 2024.

Merking, skilting og vedlikehald av turstiar er eit attraktivt tilbod til turistar, og til innbyggjarane. Tiltaket er forankra i Strategisk nærings- og utviklingsplan, og prioriterte turstiar er nedfelt i Plan for turruter. Det er henta inn 50.000 i eksterne tilskotsmidlar til føremålet i 2023, i tillegg til eigne løyvingar.

Bruken av næringsfondet er basert på politiske vedtak og avtaler som er gjort. I tillegg er det henta tiltak frå SNU-plan, Kulturminneplan, Reiselivsstrategi og Plan for turruter, **sjå eige notat og detaljbudsjett for bruk av Næringsfondet.**

Nye tiltak i 2024:

1. SNU-plan: Bukommune, marknadsføring og rekruttering kr 75.000
2. SNU-plan: Ulvik sentrum, detaljprosjefting kr 300.000, kjem eiga sak på dette!

3. Kulturminneplanen: Utstilling: Skulestove Bagnstronde skule (Formidling av skulehistorie) kr. 120.000
4. Kulturminneplanen: Forprosjekt Catharine Kølle, kr.

Det er forslag på å redusere merking og vedlikehald av stiar med kr 50.000, til kr. 100.000.

Det er forslag på å gå tilbake til "Normalløyvinga" til næringslivet og setja setja løyvinga til lokale bedrifter på kr. 600.000 (Har vore kr. 1.000.000 siste 2 år).

Det er stort fokus på utvikling av sentrum, jmf SNU-plan. Det er utarbeidd eit skisseprosjekt for sentrum, og reguleringsplanarbeidet er starta opp. Parallelt med reguleringsplanarbeidet vil ein starte opp detaljprosjektering av tiltak i sentrum . Målet om å gjera Ulvik sentrum til eit meir attraktivt område er eit viktig grep for at me skal kunne tiltrekka oss fleire innbyggjarar i framtida. Det er òg svært viktig å få realisert fleire bueiningar i Ulvik, i ulike storleikar og kategoriar (leige/kjøp, einebustad/leilighet, etc), dette er ein nøkkel til folketalsutvikling.

Det er også viktig å få gjennomført dei enklare tiltaka for tilflytting og trivnad på kortare sikt. Det er sett av kr 75.000 til tiltak for bukommune, marknadsføring og rekruttering.

9. Overordna styringssystem

Me har dei siste åra innført budsjettering- og rapporteringssystem (Arena + Stratsys), og dette fungerer fint. November 2023 har me ute eit anbod på nytt ERP-system (Lønn, rekneskap og personal). Dette skal gje oss digitale arbeidsprosessar og fjerna dei fleste manuelle prosessar (papir) me har i dag. Det nye verktøyet skal gje meir flyt i arbeidsprosessane, setja leiarane i stand til å gjera betre økonomiske analyser og gjera organisasjonen mindre sårbar i forhold til sjukefråvær. Anbodskonkurransen vert avslutta februar 2024, og målet er å ha eit meir funksjonelt system på plass frå 01.01.2025.

2.2.2.4 Tenesteproduksjon

TILLEGGINFORMASJON DRIFT STAB:

IT

Ulvik herad kjøper 40 % IT-ressurs frå Eidfjord kommune. Denne auken har vore nødvendig for å drifta IT-eininga på ein god måte, i tillegg til å gjennomføra digitaliseringsprosjekt og ivareta IT-tryggleiken.

Næring

Det har vore godt kontakt med Næringshagane på Voss og i Hardanger, dette har resultert i fleire nye utviklingsprosjekt, moglege etableringar og faste kontordag i Ulvik. Dette samarbeidet er viktig framover.

Arbeidet med merking og rydding av turstiar vert vidareført og er ei viktig satsing for Ulvik.

Cittaslowrådet har jamlege møte og er ein viktig samarbeidsorgan i Cittaslow-arbeidet.

Politisk

Stab har ein samordningsfunksjon for politisk aktivitet og har ansvar for innkalling, referat og anna arbeid kring den politiske aktiviteten. Det er laga eit oppsett for politisk rekneskap og dette er viktig å ha fokus på og vidareutvikla dei neste åra.

Økonomi

Me har starta prosessen med å gjennomgå Kostra-standardar og fordeling av kostnad på ulike kategoriar, dette arbeidet vil ha fokus i økonomiplanperioden.

Vigsel

Ulvik herad tilbyr vigsel i Ulvik, og vigselslokalet er på Haugesenteret. I tillegg kjem det førespurnader om vigsel på andre lokasjoner i Ulvik som Finse, og andre stadar.

Ungdomsråd

Ulvik ungdomsråd har medlemer frå grunnskulen og vidaregåande skule. Ungdomsarbeidaren har ei viktig rolle for å engasjera ungdomane i aktuelle politiske saker. I tillegg deltek leiar (+vara av og til) i Hardanger Ungdomsråd.

Tv-aksjonen

Dette er ein årleg innsamlingsaksjon som Ulvik herad har ansvar for å organisera.

17. mai

Ulvik herad initierer og set i gang 17. mai komiteen, og har i tillegg oversikt over økonomiske disposisjonar.

2.2.3 Internkontroll og tilsyn

Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre, og at me følgjer lover og reglar. I Ulvik herad skal me «bygga ut» internkontrollsystemet Compilo som verktøy for å gjera det enklare for oss å ha internkontroll i alle einingane. Me har allereie nytt avviksmodulen til Compilo eit par år og har no gått til innkjøp av dokumentmodulen som vil liggja på same sida som avviksinnmeldinga, ei side dei fleste tilsette kjenner til.

Desse vilkåra må på plass for å få internkontrollen på eit akseptabelt nivå: formalisering, risikovurdering og kontrollaktivitetar. Målet vårt er at all dokumentasjon knytt til internkontroll skal vera strukturert, digitalisert og tilgjengeleg frå ei side som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Digitalisering: I dag manglar me EIN plass for slik dokumentasjon.

Tilstrekkeleg og oppdatert dokumentasjon er ein føresetnad for læring og utvikling, både i opplæring av nyttilsette og i vedlikehalds- og forbettingsprosessar. I dag har me ikkje eit samla system for slik dokumentasjon. Noko finn ein på heimesida, mykje i papir, noko i mappeområde, noko på teams, osb. Ved å ta i bruk Compilo sin dokumentmodul er målet å samla all dokumentasjon på ein plass og tilgjengeleg gjera den for alle tilsette digitalt. I dokumentmodulen kan me m.a.. ta i bruk leseliste for å få oversikt over at ei rutine er lest av alle ho gjeld.

Me er i gang med å bygge systemet og skal implementera det til våren 2024.

Arkivplan:

Heradet har ein oppdatert nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling. Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar. Arkivplanen gjev bindande retningsliner for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar.

Personvern, GDPR:

Ulvik herad har kjøpt iinn og brukar GDPR-systemet DraftIt. Heradet kjøper personvernombodeneste av Bergen. Alle tenesteområder har laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova.

Vedtaksoppfølging:

Det er implementerte vedtaksoppfølging i sakssystemet. Slik kan ein enkelt hente ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har fått eigne korgar i sakssystemet som inneholder politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

Avvikssystem, Compilo:

- ALLE tilsette har tilgang
- Alle tilsette kan følge status på sine innmeldte avvik.
- Leiarane gjer avvikshandteringa her
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk
- Verneomboda har lesertilgang på avvik meldt inn i kategorien HMT

Jamleg opplæring:

Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet ca. kvar 6. veke

Staben tilbyr kurs innafor personal- og økonomifeltet til aktuelle tilsette jamleg gjennom året. Nokre kurs vert arrangert i samarbeid med bedriftshelsetenesta og nokre kurs vert arrangert i eigen regi.

For tilsette

Under sida "For tilsette" på heimesida ligg alle skjema, reglement, reglar og rettigheter, m.m. for tilsette. Det er innført E-signering på desse skjemaene slik at alle tilsette signerer på at dei har lest desse relevante dokumenta.

3 Oppvekst

3.1 Tenesteproduksjon

3.1.1 Innleiing

Oppvekst

- **Barnehage**

- Ulvik barnehage er budsjettert med 14,3 årsverk i 2023. Faktiske årsverk pr 2. tertial er 14,3. Av desse er 12,3 faste årsverk og 2 årsverk er mellombelse. Barnehagen hadde lærling tilsvarende 1 årsverk fram til 14. august 2023. Lærlingen vart overført til Brakanes skule frå og med 15. august 2023. Barnehagen har ikkje hatt prosjektstillingar.:

Frå 01.01.2024: 24 barn frå 3-6 år og 18 born frå 1-3 år

Desse tala gjeld til 14.08.24.

Frå 15.08.2024 : 19 born frå 3-6 år og 14 born frå 1-3 år

- **Undervisning**

Brakanes skule starta i januar 2021 med fulldeling (10-delning) igjen og har hatt slik deling sidan.

Elevtalet var ved skulestart 143 elevar, men er pr. 13.11.23, 139 elevar.

Brakanes skule femner om: Grunnskuleopplæring (2020), Skulefritidsordning (2150), Kommunalsjef oppvekst (1200) Kulturskulen (3830), Aktivitetstilbod for born og unge (2310) og Vaksenopplæring (2130).

Heradet kjøper PPT (pedagogisk, psykologisk teneste frå Voss herad. /spesialundervisning (2021) og Skuleskyss (2221).

Brakanes skule har i 2023, 20,25 pedagogiske årsverk. I tillegg har ein innan tenesteområdet 2020 (grunnskuleopplæring) 5,12 årsverk med fagarbeidar/assistent, IKT-medarbeidar i 0,4 årsverk, konsulent i 0,375 årsverk og fagarbeidar i 1 årsverk, med refusjon frå Nav i 0,66 årsverk. Me har også 0,20 årsverk frikjøp lokallagsleiar Utdanningsforbundet. Leiressursen er framleis på 1,6 årsverk (rektor og ass rektor). .

Kulturskulen har i 2023 1,86 årsverk fordelt på 7 lærarar. Rektor og 3 lærarar er fast tilsette. Hausten 2023 har me 57 søkjrarar som nyttar 90 elevplassar. Denne hausten har kulturskulen tilbod innan korps, blåseinstrument, gitar, bass, slagverk, band, piano, song, hardingfele, biletkunst, lyd/lys og dans. Drama kom ikkje i gang dette skuleåret. Det er tilsett ny dirigent i Ulvik skulemusikk i 25%.

SFO vert drifta med 3,05 årsverk. Dette er inkludert konsulent i 1 årsverk. SFO er ope mellom 7.30 og 8.30 og mellom 14.10 og 16.30 kvar dag, med unntak av fredag – då er tilbodet frå 11.10 til 16.30. Dette året har det vore 29 born som har heil plass, 10 born på redusert plass og 12 på fredagstilbod, totalt 46 born. Bemanning har vore 12 born pr. vaksen, i tillegg har nokre born med særskide utfordringar hatt ekstra bemanning. Éin tilsett er fagansvarleg på SFO.

Tilbod innan vaksenopplæringa kjøper me frå Voss herad. Me har 3 kandidatar som får grunnskuleopplæring og 8-10 kandidatar som får norskopplæring med samfunnskunnskap ved Voss vaksenopplæring.

Ungdomsarbeidaren har hatt 40 % stilling til å drifta ungdomsklubben Ameron og det vert prøvd å få i gang ein klubb for 5.-7-klasse. I tillegg er det tilsett koordinator for ungdomsrådet i 20%.

3.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

3.1.2.1 Økonomi

Løyvingsoversikt §5-4 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|-----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Oppvekst | | | | |
| Driftsinntekter | -3 646 000 | -3 646 000 | -3 646 000 | -3 646 000 |
| Driftsutgifter | 44 963 000 | 44 415 000 | 44 415 000 | 44 415 000 |
| Netto | 41 317 000 | 40 769 000 | 40 769 000 | 40 769 000 |

Barnehagen ser ut til å halda budsjett som er løyvd for 2023.. Det har vore utfordrande å skaffe vikar, dette har ført til reduserte kostnadar knytt til sjukefråvær, men det har ført til meir bruk av overtid hjå fast personale. Frå oktober har barnehagen knytt til seg 2 vikarar, desse har vore på opplæring og vert nytta ved behov.

Det er gjort vedtak om 100% ekstra ressurs for einskildbarn. Vedtaket vart gjort i mai 2023. Det er fleire born som er under utgreiing med tanke på ekstra ressurs. Derom det må gjerast vedtak om ekstra ressurs, vil det truleg føra til endra bruk/ organisering av ressursar i barnehagen.

Å få tak i ekstra ressurs til avdelingar har vore ei utfordring. I inneverande år har det lukkast å løysa dette innanfor gjeldande råme. I oktober fekk barnehagen inn vikar for ekstraressursen. Det er også tilsett 40% ekstraressurs i avdeling, dette gjeld for barnehageåret 2023/24.

Det er eit aukande behov for ekstraressursar i barnehagen. Dette samsvarar med ekstraressurs behovet i barnehagar generelt i Noreg.

Løyvingsoversikt §5-5 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Oppvekst 2105 IKT skule | 313 000 | 313 000 | 313 000 | 313 000 |
| Oppvekst 2198 Varslingssystem Brakanes skule | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Oppvekst 4538 Inventar Oppvekst 2024-2027 | 563 000 | 375 000 | 0 | 0 |

Investeringsoversikt 2024-2027 per tiltak

| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---------|---------|---------|---------|
| OPV - Barnehagen (035) | 187 500 | 0 | 0 | 0 |
| OPV - IKT-utstyr til skulen (034) | 312 500 | 312 500 | 312 500 | 312 500 |
| OPV - Inventar til skulen (033) | 375 000 | 375 000 | 0 | 0 |
| OPV Varslingssystem (038) | 125 000 | 0 | 0 | 0 |

3.1.2.2 Årsverk

Årsverk

| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige |
|--------|-----------------------|-------|--------------|
| 220 | 14,3 | 12,3 | 2 |
| 230 | 35,76 | 29,07 | 6,69 |

Ulvik barnehage er budsjettet med 14,3 årsverk i 2023. Faktiske årsverk pr 2. tertial er 14,3. Av desse er 12,3 faste årsverk og 2 årsverk er mellombelse. Barnehagen hadde lærling tilsvarende 1 årsverk fram til 14. august 2023. Lærlingen vart overført til Brakanes skule frå og med 15. august 2023. Barnehagen har ikkje hatt prosjektstillingar.

Skulen er budsjettet med 34,25 2023. Faktiske årsverk pr. 2. tertial er 35,76 årsverk, Av desse er det 29,07 faste årsverk og 6,69 mellombelse årsverk. Desse er fordelt slik:

Skulen 2020: 30,37 årsverk

SFO 2150: 2,05 årsverk

Kommunalsjef 1200: 1 årsverk

Kulturskulen 3830: 1,86 årsverk

Ungdomsarbeidar: 0,4 årsverk.

Leiar ungdomsråd er under stab.

3.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

Oppvekst

Mål for økonomiplan 2024-2027

Ein god oppvekst varer i generasjonar!

• Barnehage

Barnehagens innhald skal vera allsidig, variert og tilpassa det einskilde barn og barnegruppa. Barnehagelova regulerar barnehagedrifta i alle barnehagar. Barnehagelova § 1 formålsparagrafen, gjev saman med § 2 i same lov, nærare reglar for kva eit barnehagetilbod skal innehalda, korleis samarbeidet mellom barnehage og heim skal ivaretakast og kva verdigrunnlag barnehagen skal byggja på. I tillegg til barnehagelova skal alle barnehagar også byggja på verdigrunnlaget i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, som td FN konvensjonen, Barnekonvensjonen og ILO-konvensjonen nr 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.

Barn og barndom har ein eigenverdi i seg sjølv. Barnehagen pliktar å anarkjenne dette. Å bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivnad, venskap og leik er essensielt for ein god barndom. Barnehagen er også ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet, og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.

Samfunnsmandatet til barnehagen er i nært samarbeid og forståing med heimen, å ivareta bornas behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Det kan vera vanskeleg å måle arbeidet i barnehagen.

1. Livsmeistring og helse.

Dette område har eigen plass i forskrift for rammeplanens innhald og oppgåver.

- Barnehagen skal ha ein helsefremjande og forebyggjande funksjon og bidra til å utjamne ulikskapar. I tråd med dette kjem eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø og arbeidet vårt med det.
- Oppfølging av mobbing og krenking i barnehagen skal pågå kontinuerlig.
- Barnehagen skal arbeida kontinuerlig med førebyggjande tiltak knytt mot mobbing og krenking i barnehagen.
- Ulvik barnehage har utvikla forpliktande aktivitetsplan ved mobbing/krenkande åtferd, jamfør barnehagelova § 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid. Samt § 42 Plikt til å sikre at barnehageborna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.
- Ulvik barnehage har også utvikla Individuell utviklingsplan med eigen brukarrettleiar samt skjema til utfylling. Dette er i forhold til tilpassa opplæring og spesialpedagogisk arbeid. Jamfør barnehagelova § 37 Barn med nedsatt funksjonsevne.
- Det pedagogiske arbeidet i barnehagen skal kontinuerlig ha fokus på innkluderande fellesskap i barnegruppa, individuell tilpasning knytt opp til daglege aktivitetar.
- Barnehagen skal ha eit godt samarbeid med Brakanes skule også når det gjeld ovegang barnehage- skule.

2. Å gjere borna kjende med klima og berekraft.

Bærekraftig utvikling har eigen plass i forskrift for rammeplanens innhald og oppgåver. Bærekraftig utvikling omhandlar natur, økonomi, og sosiale forhold, og medvitne haldningar til bærekraftig utvikling er ei føresetnad for å kunne ta vare på livet slik me kjenner det. Barnehagen si viktige oppgåva her er å fremja verdiar, haldningar og praksis for eit meir bærekraftig samfunn. Vidare skal barnehagen leggja grunnlaget for borna sine evne til kritisk tenkning, etisk handling, og syna

solidaritet. Borna skal ha opplevingar i naturen, dei skal verte kjende med naturens mangfald, og dei skal oppleve tilhørsle til naturen.

- Barnehagen skal halda fram samarbeidet med Ulvik sportfiskarlag som hovudsakleg føregår frå august/september til oktober/november, kvart år. Elles samarbeid ved behov gjennom året. Samarbeidet her omhandlar sjøauren i bekken Gauro, eit prosjekt me har drive på med i 11 år.

Barnehagen skal framleis knyta til seg samarbeidspartnarar utanfor barnehagen som er har stor verdi for borna og som gjev dei ei gryande forståing av samfunnet dei lever i.

Barnehagen skal framleis, sporadisk, samarbeida med produksjonsskulen i forhold til fisk i fjorden og andre organismar som lever der.

Barnehagen har eit rikt og flott naturområde i nærområdet til barnehagen som skal aktivt nyttast. Til dømes Åsen, dagsturhytta Solhaug, Holmen med fjøra og idrettsannlegget, fuglekikkarhytta, Gauro med arbeidet med sjøauren, Våtmarksreservatet, Tunheim.

- Gjennom mange år har barnehagen opparbeidd eit godt samarbeid med bønder i nærområdet og gardsdrifta deira. Borna er med på fjosbesøk, saueklypping, gardsbesøk der me opplever ponni, eple produksjon, eplepressing, potetdyrkning osv. Alle desse områda kan nyttast av barnehagen uavhengig kva funksjonsnivå ein har. Barnehagen skal i planperioden halda fram det gode samarbeidet med bøndene.

3. Språk, kommunikasjon og tekst.

Språk, kommunikasjon og tekst har eigen plass i forskrift for rammeplanens innhald og oppgåver.

- Barnehagen skal til ei kvar tid vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved bornas utvikling.
- Gjennom dialog og samspel skal borna få støtte i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skapa mening. Gjennom barnehagekvardagen skal alle borna delta i eit språkstimulerande miljø, og alle borna skal få delta i språkfremjande aktivitetar.
- Barnehagen skal ha fokus på nynorsk, skrift, tale, songar og tekstar. Me har eit godt samarbeid med Haugesenteret, og skal i planperioden halda fram samarbeidet med senteret.
- Barnehagen skal nytta biblioteket som ressurs.

4. Ein fleksibel barnehage med rullering av personale mellom avdelingane.

- Barnehagen er igang med rullering. Neste rullering vert hausten 2024. Målet med rullering er at personalet skal verte kjende med kvarandre og kunne sjå og læra av og med kvarandre, samt få større forståing for arbeidet i dei ulike avdelingane. Dette er også eit ledd i vidare utvikling av arbeidsmiljø.

5. Fagleg utvikling i heile personalgruppa.

- Kvalitetsutviklinga i barnehagen innebærer ei stadig utvikling av personalet der dei skal arbeida på ein måte som gjev alle borna i barnehagen den beste utviklinga. Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon.
- Barnehagen har inkluderande barnehagemiljø som hovudsatsing i planperioden. Der det er naturleg freistar me å ha fagleg utviklingsarbeid og planleggingsdagar saman med personalgruppa på Brakanes skule. UIS ved læringsmiljøsenteret vil vera samarbeidspartnar i

2024.

- Det eit mål i 2024 at barnehagen skal ta i bruk I BTI (Bedre tverrfaglig innsats) som er ein samarbeidsmodell for tidlig intervensiøn og tverrfagleg samarbeid
- Fire pedagogiske leiarar skal ta ICDP skulering i 2024. Dette er ei retteliingskompetanse retta inn mot føresette og barn.

7. Rekruttering og behalda ped personale i banrehagen

Barnehagelærarar er den profesjonen som vert utdanna spesielt for å kunne ivareta barnehagens oppgåver. I tråd med fagleg skjønn er barnehagelæraren/pedagogisk leiar gitt ansvaret for å iverksetja og leie det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Det er eit viktig mål å kunne halda på den fagkompetansen me har per i dag.

Det er ei utfordring å få søkerar til stillingar som barnehagelærarar. Dette er også ei nasjonal utfordring. Det manglar pr i dag omlag 3500 barnehagelærarar på landsbasis. Mangelen på barnehagelærarar vil auka i åra framover. Regjeringa si intensjon er å auke pedagogettleiken til 50% innan 2025 og til 60% innan 2030.

- Det vert arbeidd for å få barnehagelærarstudiet på deltid til Voss hausten 2024. Ein må ha som mål å leggja tilrette for at dei som ynkjer å ta vidareutdanning innan barnehagelærar får høve til det.

• Undervisning

| GRUNNSKULEN | |
|--|---|
| Mål | Status |
| 1: Eit godt læringsmiljø med fråvær av mobbing og krenkingar | Arbeidet med å få til eit godt læringsmiljø er framleis veldig aktuelt og har høg prioritet. Me arbeider med å etablera god klasseleiing/læringsleiing i alle klassar. I tillegg har me gode rutiner på korleis me handterar §9A-saker. |
| 2: Å tilpassa og god læring som fører til betre læringsresultat, noko som vil visa att på nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og avsluttande grunnskulepoeng. | Brakanes skule har vore med i oppfølgingsordninga til udir. Tiltaket har vore til hjelpe for at skulen skal driva med analysearbeid og det har vore sett inn to gode og relevante tiltak for å auka læringsresultata. Hovudfokus har vore lesing og organisasjonskultur. Dette arbeidet vart avslutta no i vår. Me håper at dette på sikt gjev betre resultat. Me vil fortsetja å arbeida med begge tiltaka ei tid framover. |
| 3: I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik mælda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemming, forståeleg og støttande vurdering for læring | På elevundersøkinga som var i desember 2022 meldte 2 klassar at dei trivst godt på skulen, 2 klassar at dei ikkje trivst så godt og i dei 2 siste klassane trivst ein del av, men ikkje alle. Me må difor arbeida for at absolutt alle elevane skal mælda om gode skuledagar, som innfrir alle parametra ovanfor. Det er snart tid for ei ny elevundersøking, nærmare bestemt i desember. På nyåret skal det også vera ei Ungdata undersøking |

| SFO: | |
|---|--|
| Mål | Status |
| 1. SFO skal gje eit tilpassa og variert tilbod med leik og aktivitetar ut og inne | Eit kontinuerleg arbeid som me lukkast med i stor grad |

| KULTURSKULEN | |
|---|--|
| Mål | Status |
| 1. Å halda fram med å ha eit godt og variert tilbod i Kulturskulen. | Tilbodet i Ulvik kulturskule er både godt og variert. Når det gjeld tal elevar er det litt naturlege svingningar frå år til år. Men etter pandemien har det gått litt ned. Me håper talet vil stige litt igjen |
| 2. Målet til Ulvik kulturskule er å tenna gnisten i dei unge, og få opp interessa rundt kunstnarlege uttrykk. | Me har godt driv på dei fleste felta innan kunstnarlege uttrykk. Dette året har me 2 teiknekurs grupper |
| 3. Å halda liv i Ulvik skulemusikk, som eit generasjonskorps. | Det er no tilsett ein dirigent i korpsset, men ein slitt med rekruttering |

| AKTIVITETAR FOR BORN OG UNGE | |
|--|---|
| Mål | Status |
| 1. Gjennom stor grad av medverknad frå ungdommene sjølv, skal me skapa eit godt og variert tilbod til un dommane i bygda. Dette gjeld både på ungdomsklubben og gjennom andre aktivitetar. | Me har ein flott ungdomsklubb i Ulvik, med opningstid 2 gonger i veka. Lokalet treng ein oppgradering bl.a. på brannvern. Det trengs også eit betre system for reinhald, der kommunalt reinhalds personale tek lokalet med jamne mellomrom. Me tilsette ny ungdomsarbeidar frå 01.01. No har me også starta opp med ein juniorklubb (5.-7.klasse) også. Ungdomsklubben har fått 20000,- i støtte der dei har kjøpt ein playstation 5 , kjøleskap, mikrobølgeovn og litt utstyr. Det skal også søjast midler frå "ungdom og fritid". |
| 2. Å skapa eit aktivt og engasjert ungdomsråd, som bidreg til å påverka politiske avgjerder | Ungdomsrådet var på opplæringskurs i arbeid i ungdomsråd i januar. Ungdomsrådet består av engasjerte ungdommar som har fått gjennomslag i fleire saker. Leiar og nestleiar deltok på Hardanger konferansen. . |

3.1.2.4 Tenesteproduksjon

Oppvekst

- **Barnehage**
- **Auka kostnad:2025-2030 vil det vera trond for auka ressurs til tidleg innsats og til å dekke bemanningsnorm. Statlege føringar vil i perioden fram til 2030 leggja opp til gradvis ressursauke i barnehage.**
- Regjeringa har utarbeidd ein plan; "Barnehagar mot 2030 - strategi for barnehagekvalitet".
- Fram mot 2025 vert det viktig at me set opp status for barnehagen, for å sikra at me er på riktig veg. Tal born i Ulvik barnehage har auka jamt, borna er yngre då dei tek til i

barnehagen og barnegruppene er meir mangfoldige. I Ulvik går alle born i barnehage, men ikkje alle har 100% plass. Forsking syner at tidleg og god støtte til born i barnehagen har større innverknad på borna si utvikling enn tiltak som vert sett inn seinare i livet. Me må sikra at alle born får eit likeverdig godt barnehagertilbod. Innan 2025, har regjeringa ambisjon om at 50% av dei tilsette i barnehagen skal vera utdanna barnehagelærarar, og 60 % innan 2030. Barnehagelærarar med mastergradsutdanning skal auka og 25% av dei tilsette skal vera fagarbeidarar.

- Hausten 2023 er det i Ulvik barnehage ei særskilt god bemanningsdekning, men frå januar 2024 kjem det fleire born inn i barnehagen, og det vil føra til at ein må flytta born frå småbarnavdeling til storbarnavdeling, for å få plass til alle nye. Dette gjer til at me får bortimot fulle avdelingar og det kan verda krevjane å arbeida med tidleg innsats. Førebyggjande arbeid krev auka ressurs og rett kompetanse.
- Eit viktig moment er at det kan koma nye tilflyttarar til i laupet av året, som har tronge for barnehageplass.

Tatt ut av budsjett 2024:

| | |
|-----------------------------------|-------------------|
| Lønskostnadar: | kr 228 000 |
| Div kurs, lisensar div materiell: | kr 40 000 |
| Inventar: | kr 30 000 |
| Frå 2-4 veker ferie juli: | kr 100 000 |
| Kjøp av tenester: | kr 109 000 |

• Undervisning

Det er viktig å fanga opp dei elevane som treng noko ekstra så tidleg som mogleg og setja inn tiltak tidlegast mogeleg. Mange opplever likevel at det går for lang tid før dei får hjelp. Med tidleg innsats kan me førebyggja skeivutvikling, sosiale vanskar, lærevanskar, fråfall i skulen og å hamne utanfor arbeidslivet. Opplæringa skal vere til det beste for barnet, og alle har rett til tilpassa opplæring.

| Tatt ut av budsjettet 2024-2025: | Auka kostnad på eksisterande tiltak | Ynskje om tiltak: |
|--|--|--|
| | Auka utgift kjøp teneste PPT 500.000 i høve forslag frå Voss | Oppgradering av ungdomsklubb-lokalet. |
| | | Få på plass ein ordning med reingjering av Ameron |
| | | Få mobildekning i Hallen, garderobane og evt. bassenget ca 250 000 |
| Reduksjon undervisningsressurs kr 1564000. | | |
| Reduksjon div kjøp mat, lisens its learning, materiale, kurs ect 860 000 | | |
| Varmt måltid omsorgstun politisk vedtak kr 300000 | | |

Kommentar til tiltaka:

Reduksjon av undervisningsressurs er ikkje positivt, men skulen skal prøva å driva meir kostnadseffektivt ved at deler av spesialundervisninga vert omorganisert og gjeve i større grupper og i klassen. Skulen skal prøva å snu frå spesialundervisning til tidleg innsats, i tillegg til reduksjon av kjøp av tenester.

Skulen vurderer å seie opp avtale med its learning, og gå over til bruk av digitale tenester heradet har avtale med.

Dersom skulen skal redusere i fleire tiltak, må ein vurdera å kutte i ikkje lovpålagt tilbod som tildømes varm mat på Omsorgstunet. Dette flotte, viktige og gode tilbodet er det politisk vedtak på, og ikkje ynskeleg å leggja ned.

Heradet vurderer å seie opp PPT- avtalen med Voss, . Utgiftene til kjøp av tenesta har hatt kraftig auke dei siste åra.

Mobildekning i Hallen.

Det er dårleg mobildekning i Hallen, garderobane og symjebassengo. Dette er ikkje bra med tanke på tryggleik både på dagtid og kveldstid. Skulen har erfart at om ein ringar 113 er det fleire stader det ikkje er dekning. Om ulykka skulle vera der, må ein vera nær passienten samstundes som ein er i kontakt med 113. Dette er veldig alvorleg. Skulen har hatt ein slik hending, men det gjekk heldigvis bra.

Oppfølgingsordninga til Udir - Dette er ei ordning for kommunar som over tid ikkje oppnår tilfredsstillande resultat på sentrale område i opplæringa. Gjennom ordninga vert desse kommunane pålagd deltaking i statleg støtta rettleiing over ein periode på 3 år. Kommunane vert identifiserte ved bruk av eit indikatorsett. Indikatorar for sentrale område innan læringsmiljø og læringsutbytte dannar utgangspunkt for ei nedre grense for kvalitet. Innsatsperioden består av ein førfase og ein gjennomføringsfase. Skulen vart ferdig våren 2023.

Me har framleis midlar igjen og vil forsetja arbeidet med tiltaka. Me har framleis midlar igjen, som me får behalda om me framleis arbeidar mot dei same måla som var i ordninga. Me må rapportera kva midlane går til. Me har no knytt oss til Læringsenteret på Universitetet i Stavanger. Skule og barnehage har etabler eit samarbeid som held fram våren 2024. Hovudsatsing er inkluderande barnehage og skule med hovudfokus på læringsmiljø.

Ulvik kulturskule er med i eit interkommunalt samarbeid med Eidfjord, Voss, Kvam og Ullensvang. Dette samarbeidet er både godt og viktig for dei små kulturskulane. Me deler på lærarane og held såleis på den gode kompetansen då lærarane får samla sett gode stillingstorleikar.

Me kjøper:

Danselærar 5,15% frå Eidfjord

Felelærar 10,26% frå Ullensvang.

Me seljer:

19,23% av rektorstillinga vår til Voss

5,15% av dirigentstillinga vår til Voss

5,15% av teiknelærarstillinga til Voss

Dirigent har har og ein time blåseundervising i grunnskulen i stillinga si.

Ameron (Ungdomsklubben) :

Lokalet der Ameron held til, er ganske slitt. Det framstår som lite praktisk med dårlige sanitærforhold. Det er brukarane og foreldra som står for reinhaldet pr. no.

3.1.3 Internkontroll og tilsyn

Oppvekst

- **Barnehage**

Det har ikkje vore tilsyn med krav om oppfylgjing i 2023.

- **Undervisning**

HMT-arbeid:

Brakanes skule har revidert ein del planar, instruksar og rutinar med omsyn til HMT og brannvern. Kvar haust får dei tilsette opplæring i HLR av ein godkjent instruktør. Dei som skal ha symjeundervisning får opplæring i livredning i vatn av same instruktør.

TILSYN

Det vert gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt etter §15. Dette er skulen, barnehagen, Finse skule, etc. Tilsynet vert gjennomført av Voss brann og redning, saman med respektive representantar frå einingane.

Rutineskildring i høve røykutvikling og brann, braninstruksar:

Me gjennomgår braninstruksen kvar haust, har opplæring på branntavlene og øving med Evacstol. Gjennomgang av braninstruksen og øving med Evacstol vart gjort i august/september 2023 og opplæring på tavlene er ikkje gjennomført denne hausten. Gjennom skuleåret 2023/2024 skal me ha 2 brannøvingar, den eine varsla og den andre uvarsla.

Felles avvikssystem i Ulvik herad der tilsette melder avvik på nett. Hausten 2020 vart det innført bruk av avvikssystemet Compilo. Dette verktyet har heile personalet fått opplæring i å bruka.

Rutiner og system for handsaming av personvernopplysningar GDPR. Skulen har utarbeidd eigen protokoll med oppsett av rutineoversikt i høve lagring og handsaming av personopplysningar

Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande for Ulvik herad 2018- 2020. Denne vskal reviderast i 2024.

Rutineskildring i høve mobbing og krenking. Me har ein handlingsplan, mal for meldeskjema og aktivitetsplan.

Plan for tryggleik og beredskap på Brakanes skule 2020 – 2021 - med tiltakskort er under arbeid. Tiltakskorta er ikkje ferdige. Dette arbeidet vert ferdigstelt i løpet av skulåret 2023-2024.

Anna planverk som skulen har:

* Plan for alvorlege hendingar på Brakanes skule

* Plan for urovekkande fråvær på Brakanes skule

4 Helse

4.1 Tenesteproduksjon

4.1.1 Innleiing

I løpet av 2023 har det vore store endringar i eininga. Me har bytt namn til helse og velferd for betre å spegle dei fagområda me har ansvar for, og for å nytte samme nemning som andre kommunar gjer. Det har og vore store utskiftningar i eininga, og me har store delar av året slitt med vakante stillingar og mangel på personale. Når me no går mot årslutt er dei ei optimisme i eininga, me har tilsett dyktige folk i dei fleste stillingar. Dei tilsette som har vore med oss frå før har gjort ein strålende jobb for å få eininga gjennom nok eit krevjande år og sikra gode tenester til innbyggjarane våre.

Eininga er delt opp i to ansvarsområde

270: Sosiale tenester

Omfattar kommunalt NAV og tenester til flyktingar.

240: Helse og omsorgstenester

Omfattar forvaltning og tildeling av helse- og omsorgstenester, koordinerande eining (og barnekoordinator), institusjonskjøken, legekontor, helsestasjon og skulehelseteneste, psykisk helse og rus, fysioterapi, ergoterapi med hjelphemiddelsentral, heimehjelp, heimesjukepleie, sjukeheim og dagavdeling for demens.

Om budsjettframlegget:

Budsjettet for 2024 er utarbeida med tanke på å vidareføre eksisterande tenester og tenestenivå, samt vidareføre viktig arbeid som pågår. Det vil sei at me i hovudsak ikkje har funne rom for nye tiltak. På fleire område ville det likvel vore ynskjeleg med ei auke i tenester sett frå eit fagleg perspektiv. Forslag til tiltak som kan takast inn i budsjettet ligg i oversikta over tilval.


Det er gjort nokon endringar i kostnadsføring og me har oppretta nokre nye tenester. Dette er gjort for å synleggjere ein del kostnader som tidlegare har vore litt gøynt i andre tenester. Det gjeld forvaltning, ØH-senger, folkehelse og betre tverrfagleg innsats (BTI).



Utfordringar i økonomiplanperioden og på lengre sikt


I løpet av dei seinare åra har ein sett ei rekke offentlege utgreiingar og publikasjonar som seier mykje om utfordringar for det norske helsevesenet. Dei demografiske utfordringane me står ovanfor er ikkje mogleg å overdrive. Me har snakka om eldrebølgja i mange år, men det er avgjerande at både tilsette, administrasjon og dei folkevalde forstår at det er no det startar for alvor. Dette må me og formidle til innbyggjarane våre. For å bevare det nivået på tenester ein er vane med i Ulvik må me endre måten me gjer ting på, og me må være villige til å leite etter dei løysingane som gjer oss i stand til å levere meir, med mindre ressursar.

Under er ei grafisk framstilling av folketalsutvikling og framskrivingar for Ulvik og Vestland. Ulvik har hatt ei litt spesiell utvikling med tanke på tal eldre og folketal. Ein periode særleg frå 2000 med klimaks rundt 2010 hadde eit svært høgt tal eldre over 80 år. Ser ein på framskrivingar vil me ikkje nå tilsvarande tal før rundt 2035. Det er då svært viktig å sjå på tal for Vestland fylke der ein ser

tydeleg korleis utviklinga blir framover. Førre gong Ulvik hadde tilsvarende tal eldre var situasjonen regionalt og nasjonalt ein heilt anna. Samhandlingsreforma kom i 2012 og det er eit kontinuerleg press for å trekke tenesteutviklinga i vidare i den retninga. Me må ta inn over oss korleis dette vil påverke samspelet mellom spesialisthelseteneste og kommunehelseteneste når ein skal handtere det som kjem, og me må rigge tenestene for å møte eit enormt press regionalt og nasjonalt, i tillegg til dei høge tala i eigen kommune.







Kjelder: SSB 13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter region, alder, statistikkvariabel og år - Hovedalternativet (MMMM), SSB: 07459: Befolning, etter region, alder, statistikkvariabel og år.

Ein av dei viktigaste utgreiingane som regjeringa har publisert i år var helsepersonellkommisjonen sin rapport "tid for handling". Den skildrar hovudutfordringa med utviklinga som er belyst over. Me vil trekkje fram særleg 2 figurar som skildrar godt korleis ein vil tenkje både lokalt, regionalt og nasjonalt i åra framover for å takle utfordringane som følgjer den demografiske utviklinga.

Figur 6.2 syner 6 satsingsområde som kan være ein del av løysinga på personellutfordringane. Nye måtar å jobbe på for å utnytte folk og kompetanse blir viktig, teknologi og digitalisering er ein del av løysinga, men også prioriteringar. Ein vil ikkje komma utanom å justere kva forventingar befolkninga har til helse og velferdstjenester.



Figur 6.2 Tiltaksområder for løsninger av personellutfordringene

Helsepersonellkommisjonen.

Figur 8.2 skildar godt korleis me kan tenkje i utforminga av tenester. Ein må byggje opp evne til, og legge til rette for eigenomsorg og utnytte betre pårøranderessursane. Satsing på folkehelse og førebygging er heilt naudsynt for dempe behovet for helse og velferdstenester på sikt, og då må ein klare å tenkje langsiktig. Meir bruk av frivillige inn i tenesteproduksjon, og betre oppgåvedeling og utnytting av dei kompetanse- og personellressursane ein har.



Figur 8.2 Skjematiske fremstilling av oppgåvedeling, bygd nedenfra Helsepersonellkommisjonen.

4.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

4.1.2.1 Økonomi

Løyvingsoversikt §5-4 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Helse og velferd | | | | |
| Driftsinntekter | -13 721 000 | -13 391 000 | -13 391 000 | -13 391 000 |

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Driftsutgifter | 66 664 000 | 63 429 000 | 62 529 000 | 62 529 000 |
| Netto | 52 943 000 | 50 038 000 | 49 138 000 | 49 138 000 |

Drift:

Ambisjonen er at budsjettet for 2024 skal være realistisk.

Budsjettet for 2024 legg opp til ein liten auke i retning av førebygging og folkehelse, ellers held me tenestenivået der det er og har forsøkt å trekke ned der me kan. Det er fleire tiltak som fagleg sett er svært ynskjeleg, men som me ikkje har funne plass til, dei vesentlege er lista i tabell under med kostnadsoverslag. Meir info om kvart tiltak er vedlagt. Sjølv om ein ikkje har lagt opp til auke i tenestetilbodet er budsjettet likevel justert opp ein del. Dette er gjort for å korrigere feil på inntektssida, og justere opp ein del postar som har hatt reell kostnadsauke og ikkje har vore justert dei siste åra. Sjukeheimen er og oppjustert til eit reelt kostnadsnivå slik situasjonen er no. Ein jobbar med å få ned ressursbruken. Kostnader til innkjøp, kurs og reise er lagt på det me meiner er eit minimum for at eininga skal fungere samt være ein arbeidsplass som held dei tilsette motivert og fagleg oppdatert.

Tilval ein ikkje har fått plass til i budsjett for 2024:

Tiltaka under har enten eksistert tidlegare eller vore føreslått internt eller i samarbeidsforsa med andre kommunar. Alle tiltaka er fagleg sett ynskjeleg. Miljøingeniør, klinisk ernæringsfysiolog og IPS er alle tiltak som er føreslått samarbeid mellom Voss, Kvam, Eidfjord, Vaksdal og Ulvik. Det er ueheldig å stå på utsida av slike samarbeid.

| Tiltak som er kutta, eller planar som er skrota | Årsverk | Kostnadsoverslag | Kommentar |
|---|---------|------------------|---|
| Miljøingeniør | 0,2 | kr 200 000 | Sjå vedlegg |
| Klinisk ernæringsfysiolog | 0,2 | kr 240 000 | Sjå vedlegg |
| Individual placement and support (IPS) | 0,2 | kr 240 000 | Sjå vedlegg |
| Seniortreff | 0 | kr 50 000 | Planlegg vidare drift via inst. kjøken/frivillige |
| Eigen bemanning dagavdeling for demens | 0,3 | kr 140 000 | Kutta bemanning dagavdeling, sjå vedlegg. |
| Psykiatrisk sjukepleiar. | 0,4 | kr 350 000 | Sjå vedlegg |

Moglege tiltak for å kutte driftskostnader:

Særleg på to områder meiner administrasjonen at det er mogleg å redusere kostnader. Me ynskjer å sjå på avtalen knytt til Hardanger barnevern, og om det er mogleg å tilby barneverntenester på ein måte som får ned kostnaden for Ulvik. Me nyttar og store ressursar på kjøp av bemanna bustader frå eksterne private tilbydarar. Administrasjonen meiner det er mogleg å organisere dette på måtar som vil redusere kostnaden og vere betre total-løysingar for tenestetilbodet i eininga. Omorganisering av bemanna butiltak er kanskje det mest realistiske å få til der innsparingane kan monne, og er noko ein skal vurdere i perioden. Ein hentar fram arbeid som vart gjort i 2017 og tek utgangspunkt i planane der. I økonomiplanen er det lagt inn til ei innsparing på omlag 40% av dagens kostand om

ein får til ei slik omorganisering. Dette er eit grovt anslag og avhengig av ei rekke usikre variablar. Ein må sjå slik omorganisering i samanheng med barnevernstenestene då det er relevant for enkeltvedtak som p.t ligg under barnevernet. Tabellen syner kostnader med gjeldande organisering for 2024, og ei tenkt innsparing på butiltak frå 2025.

| | 2024 | 2025 | 2026 |
|-------------------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Omorganisering av bemanna butiltak | 3 750 352 | 2 011 864 | 2 011 864 |
| Omorganisering av barneverntenester | 4 809 222 | 4 969 445 | 4 969 445 |

Andre moglege alternativ for å trekke ned drift

Tiltaka under er fagleg sett mogleg å vurdere å legge ned eller omorganisere. Dei er ikkje tilrådd, men er lista her for å synleggjere kva som kan være mogleg. Tabellen syner kostnad med gjeldande organisering.

Institusjonskjøken er svært kostbart og ikkje ei lovpålagt teneste. Slike kjøkken vert lagt ned i stor stil i mange kommunar, særleg større. Det vil likevel være naudsynt å utgreie kostnad ved alternativ løysing.

ØH-senger har vore eit gjentakande tema og administrasjonen meiner det framleis kan være verdt å sjå på. Det er likevel ein del utfordringar som er krevjande å løyse, blant anna sjukepleiar på natt og tilgang til lege via legevakt eller på anna måte. Det er ikkje sikkert me får til ei billigare løysing, det kan ende med å bli dyrare, men det kan bli ei løysing med større nytteverdi.

Reduksjon av sjukeheimspllassar er mogleg, men ikkje å tilrå. Ein må då legge ned mange nok pllassar til at det vil ha effekt på bemanninga. Me veit at behovet kjem til å auke kraftig framover og det er lite fornuft i å bygge ned personellressursar framover. Eininga ynskjer heller å nytte ei eventuell overkapasitet til å bygge gode system, fagkunnskap og rutinar for å takle det presset som kjem. Sjå ellers vedlegg.

| | 2024 | 2025 | 2026 |
|-----------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| "Øyeblikkelig hjelpe" senger | 406 809 | 420 641 | 420 641 |
| Institusjonskjøken | 3 879 197 | 4 510 933 | 4 510 933 |
| Skjerma eining på omsorgstunet | 6-7 årsverk | 6-7 årsverk | 6-7 årsverk |
| Redusere pllassar på omsorgstunet | 1,5-2 årsverk | 1,5-2 årsverk | 1,5-2 årsverk |

Prosjekt og tilskot

Sjå vedlegg.

Løyvingsoversikt §5-5 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Helse og velferd 3439 Investeringar Helse 2024-2027 | 2 789 000 | 233 000 | 0 | 0 |

Større investeringsprosjekt som bør bli starta eller gjennomført i løpet av planperioden 2024-2027 som IKKJE er med i investeringsbudsjettet av konkurransehensyn.

- EPJ - "elektronisk pasientjournal".
 - Noverande løysing er i ferd med å bli utdatert og kjem til å bli avvikla. Me har ikkje ein konkret dato for dette. Ny EPJ-løysing blir eit omfattande arbeid og prosess som må startast i planperioden.
- Velferdsteknologi og PAV (pasientvarslingsanlegg)
 - Då omsorgstunet vart bygd valde ein løysingar som ikkje har fungert godt nok for pasientvarslingsanlegg og opplegg for velferdsteknologi. Bruk av teknologi er avgjerande for å møte dei kommande utfordringane for eininga, og det er eit stort behov for ei betre løysing.
- Omsorgsbustader og samlokalisering
 - Ein må begynne arbeidet med å utgreie bygging av omsorgsbustader. Fagleg og for økonomisk bærekraft er det essensielt at dei ligg så nær bemanningsbasen (omsorgstunet) som mogleg, helst i tilknytting. Administrasjonen meiner ein bør sjå på moglegheiter for samlokalisering av helsetenester samtidig då det er eit effektiviseringspotensiale i det.

Investeringsoversikt 2024-2027 per tiltak

| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---------|---------|------|------|
| Helse og velferd IT-utstyr 2024 (003) | 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og velferd elektronisk lås legekontor (006) | 312 500 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og velferd inventar og utstyr 2024 (001) | 729 579 | 232 625 | 0 | 0 |
| Helse og velferd medisinsk utstyr 2024 (004) | 246 875 | 0 | 0 | 0 |



| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|-----------|------|------|------|
| Helse og velferd minibuss (007) | 1 250 000 | 0 | 0 | 0 |

4.1.2.2 Årsverk

Årsverk

| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige | |
|--|-----------------------|-------|--------------|--|
| Kommunelegeteneste | 5,7 | 4,7 | 1 | Lege i spesialisering. Mellombels auke kommunelege og leiar legekontor |
| Omsorgstunet | 26,1 | 26,1 | 0,7 | Inklusiv 2,4 administrativt. Mellombels stilling er pågående lærlingløp |
| Adm hspl | 1 | 1 | | Avdelingssjukepleiar |
| Adminsitrasjon Helse og Velferd | 1 | 1 | | Kommunalsjef |
| Ergoterapi | 0,6 | 0,6 | | |
| Fysioterapi | 2 | 2 | | |
| Flyktningteneste | 1,17 | 1 | 0,17 | |
| Heimehjelp | 1,65 | 1,65 | 0 | |
| Helsestasjon/skulehelseteneste | 1,4 | 1,4 | 0 | Overlapp 6mnd. Reduksjon til 1 fast årsverk medio 2024. |
| Folkehelse | 1 | 1 | | Folkehelsekoordinator, 0,6 årsverk finansiert med prosjektmidlar. |
| Kjøkken | 4,69 | 4,69 | | |
| NAV | 1 | 1 | | |
| Rus og psykisk helse | 1,6 | 0 | 1,6 | Delvis Prosjektfinansiert |
| Brukarstyrt personleg assistent | 1,4 | 0,7 | 0,7 | |
| Forvaltning og tildelingskontor | 1 | 1 | | 0,4+0,6 2 personar |
| Betre tverrfagleg innsats og barnekoordinator | 0,4 | 0,4 | | |
| TOTALT | 51,71 | 47,54 | 4,17 | |

| Teneste | Status september 2023 | Kommentarar |
|---|---|--|
| Lege | 1200 pas listetak. ØH og legevakt. Kommunelege. | Ny lege innkøyringsfase. Må finne langsigkt løysing for kommunelegefunktjon i løpet av planperioden. |
| Fysioterapi | 68 brukarar. Normalt eithøgare tal, gruppertilbod nede i ein overgangsfase (nytilsette). | Utfordringar med lokalar: arbeid pågår for å finne løysing |
| Ergoterapi | | Kapasitetsutfordringar. Auke i ressursar til sakshandsaming skal betre dette. |
| Sjukeheim | 18 plassar: 7 på skjerma avdeling, 11 på somatisk avdeling. | Deltek i KS TØRN, prosjekt knytt til bemanning, arbeidstid og oppgåvedeling. Endring i leiarstruktur. |
| Praktisk bistand | 23 brukarar per september, varierer | |
| HSPL | 32 brukarar per september, ikkje inklusiv dei som kun har tryggleiksalarm. Varierer | Endring i leiarstruktur. |
| Helsestasjon/skulehelseteneste | Totalt ca 60 born i helsestasjonsprogrammet. 142 elevar på skulen + produksjonsskulen. | Overtallig ein periode fram til medio 2024 grunna overlapp. |
| NAV | Sosialhjelp og sosial/økonomisk rådgjeving | |
| ROP | 15 brukarar pluss gruppertilbod | Prosjektstillignar: plan for psykisk helse og rus må bli revidert, evaluering av dagens tilbod og plan for vidare utvikling er naudsynt. |
| Flyktningeteneste | Busetjing og integrering | Reduksjon i årsverk frå april. |
| Kjøkken | InstitusjonskjøkkenSkulemåltid ,og middag til heimebuande eldre. • | |
| Forvaltning av andre lovfesta tenester og beredskap | •Brukarstyrtpersonleg assistent•Omsorgsløn•Støttekontakt•Psykososialt kriseteam•Skjenkesaker• | |
| Førebygging og folkehelse | Betre tverrfagleg innsats, friskus, folkehelsekoordinator | |

4.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

Helse og velferd må bruke dei neste åra på å førebu seg på dei utfordringane som kjem. Tenesteproduksjonen må bli meir effektiv. Me må få til betre løysingar for turnus og døgndrift. Me må realisere gevinstar frå digitalisering og teknologi. Me må jobbe for eit godt omdømme for rekruttering og til litt gjennom god kommunikasjon og forventningsavklaring med innbyggjarar og tenestemottakarar. Ein må få til ei dreiling av tenesteproduksjonen mot tiltak som bidreg til å redusere etterspurnaden etter helsetenester på lengre sikt, det vil seie tiltak som betrar folkehelsa, held folk i jobb og aktivitetet, og som gjev folk reiskap til å handtere både kvardag og ekstraordinære belastningar. Kostnadsutviklinga må under kontroll og for å få det til må eininga jobbe med arbeidstidsordningar og turnus, bli betre og tydelegare på prioriteringar i tildeling av

tenester, digitalisering der me har noko å vinne på det, samarbeid med andre der det er føremålstenleg og stå åleine der det er betre. Me må jobbe for å sikre gode avtalar med leverandørar, og samarbeide med andre om det får kostnadane ned. Tenesteproduksjonen må trekka i retning av meir førebygging, gruppe, tidleg innsats, og hjelp til sjølvhjelp. Me må jobbe for at pårørande og frivillige kjem meir på banen.

Oppsummert kan me sett opp følgjande hovudmål for økonomiplanperioden:

- Senke kostnadane per brukar av tenestene => dempe kostnadsvekst
- Oppdatere planar og strategiar for å kunne leve vere gode og bærekraftige tenester
 - Førebu tenestene og befolkninga på ei kraftig auke i etterspurnad etter helsetenester
- Utvikle eit betre samarbeid og dialog med pårørande og frivillige
- Trekke tenesteproduksjonen meir i retning av førebygging og folkehelse

4.1.2.4 Tenesteproduksjon

Større endringar frå 2023:

"Nye" årsverk som er lagt i budsjettet er:

- Folkehelsekoordinator og prosjektleiar 0,4 årsverk. Dette er ei vidareføring av ordninga med prosjektleiar som allereie er tilsett i fast full stilling. Med 0,4 årsverk i budsjettet blir rolla både meir nyttig, og mindre sårbar for at ein ikkje klarar fullfinansiere stillinga med tilskotsmidlar.
- BTI-koordinator (betre tverrfagleg innsats) og barnekoordinator 0,4 årsverk. Heilt naudsynt for å følgje opp BTI-prosjektet, og ei løysing for å ivareta lovkrav om barnekoordinator. Stillinga vil arbeide vidare med implementering av BTI, men på sikt være primært barnekoordinator.

Utover dette er alle endringar gjort i eit forsøk på å korrekt budsjettere for eksisterande drift.

4.1.3 Internkontroll og tilsyn

Tilsyn:

Eininga har hatt tilsyn av elektromedisinsk utstyr på omsorgstunet, og fått avvik på dokumentasjon av opplæring og oversikt over serviceavtalar. Avvik vert utbeta innan fristen i januar -24.

Branntilsyn har vore gjennomført.

HMT og internkontroll:

Eininga har hatt eit samarbeid med NAV-arbeidslivssenter for å få rettleiing i arbeidet med arbeidsmiljø. Dette arbeidet har vore forankra i lokalt-arbeidsmiljøutval for eininga. Heradet har overordna anskaffa digitalt internkontrollsysteem. Arbeidet med digitalisering og revisjon av rutinar, og utarbeiding av nye rutinar der det er behov er i gang og kjem til å pågå gjennom 2024. Interkontrollsysteem og avvikssystem blir kobla saman, og ein har anskaffa ein integrasjon mellom EPJ og avvikssystem for å sikre at alle avvik vert handsama i systemet.

5 Teknisk

5.1 Tenesteproduksjon

5.1.1 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

5.1.1.1 Økonomi

Løyvingsoversikt §5-4 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Samfunn og plan | | | | |
| Driftsinntekter | -12 543 000 | -11 922 000 | -12 888 000 | -13 229 000 |
| Driftsutgifter | 28 688 000 | 26 827 000 | 26 562 000 | 26 662 000 |
| Netto | 16 145 000 | 14 905 000 | 13 675 000 | 13 433 000 |

Generell stor kostnadsauke vil vera utfordrande også i 2024, men straumkostnadane går nedover igjen mot eit meir normalt nivå. Ramma for samfunn og plan blir mindre av den grunn, men og andre meir generelle kutt på drift og forvaltning vil prega både 2024 og resten av økonomiplanperioden.

Brøyting er ein post det er bortimot umogleg å treffa på. Her må ein gå ut frå historiske tal, og eventuelt ta ei justering 1. tertial kvart år opp mot reell kostnad for vinteren som har vore. Dette er ein prakis ein kan leggja til grunn framover.

Handsaming av saker etter plan- og bygningslova og matrikkellova genererer høgare utgifter enn inntekter. Dette er ein kjend sak. Målet er på sikt å ta tilbake handsaming av byggjesaker. Oppmåling/matrikksaker er ei teneste som framleis må leigast inn, men ein vil sjå på andre løysingar enn den ein har i dag. Samarbeid med andre kommunar kan vera eit alternativ.

Nedbemanning

Grunna dei økonomiske rammene i 2024 og vidare framover, er det naudsint å sjå på nedbemanning innan samfunn og plan. Dette vil ein prøva å gjennomføra så langt det lar seg gjera ved naturleg avgang. Dette vil gje eit dårlegare tenestetilbod enn ein har i dag.

Klima og miljøarbeid

Prosjektstillinga som vart oppretta i 2023 ligg og inne ut mars 2024. Dersom heradet får tak i prosjektmidlar til vidare finansiering av stillinga er det eit ynskje å forlenga prosjektet.

Oppsummering økonomiske rammer for 2024.

2024 vert eit år med trongare økonomiske rammer enn 2023. Ein må difor forventa at visse tenester kan få ein lågare kvalitet enn dei har hatt tidlegare. Det er pr. i dag ikkje noko som tyder på endring i 2025.

Det ordinære vedlikehaldet vert redusert med kr 600.000,- i 2024. Dette kan føra til fleire saker om ekstra løyvingar ved uforutsatt vedlikehald.

Det er lagt til grunn ein straumpris på 70 øre i 2024. Dette gjer at posten for straum er redusert frå 7,4 millionar i 2023 til 3,2 millionar i 2024.

Det er fleire investeringsprosjekt som er byrja på/ikkje byrja på i 2023 som må vidareførast i 2024. Desse er samordna i tabell lengre nede i dokumentet.

I samband med ombygging av sentrumsbygget vil arealet som heradet nytta sjølv auka. Dette medfører auka kostnader til reinhald og andre driftsutgifter. Ein vil sjå på om det er mogleg å automatisera meir av dette arbeidet for å halda kostnaden nede.

Gjeldnade planar og nye behov

Heradet føl gjeldande vedlikehaldsplanar for bygg og veg og VA. For å halde på tilstrekkeleg kvalitet på bygg og anlegg bør det løvvast midlar til gjennomføring av tiltak i samsvar med plan. I tillegg visar årleg rullering at det kjem stadig fleire nye behov.

Investeringar og prosjekt i 2024-2025

I 2024-2025 vert fokus å gjennomføra vedtekne prosjekt som alt er i gang, eller tidlegare har vore vedtekne, til dømes ombygginga på sentrumsbygget. Reduksjon i det generelle vedlikehaldet gjer at det ikkje vert stort rom for innhenting av etterslep. Likevel kan ein sei at bygningsmassen og andre tekniske installasjonar i Ulvik er generelt god stand, sett vekk frå enkelte bygg.

Vedlikehald bygg

Me fylgjar gjeldande vedlikehaldsplan for kommunale bygg, med nokre endringar etter årleg rullering. Revidert plan 2024:

| Investering Samfunn og plan | | | | |
|------------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Tiltak | | | | |
| SOP Barnehagen | 1118750 | 93750 | 93750 | 93750 |
| SOP Fleirbrukshall | 212500 | 37500 | 37500 | 37500 |
| SOP Handlingsplan veg | 2137500 | 1393750 | 4250000 | 2137500 |
| SOP Haugesenteret | 81250 | 81250 | 81250 | 350000 |
| SOP Sentrumsbygget | 2398750 | 761250 | 636250 | 261250 |
| SOP Symjehall | 6375000 | 73750 | 73750 | 73750 |
| SOP VA-plan avløp 2024-2027 | 2400000 | 4900000 | 2150000 | 1150000 |
| SOP VA-plan vatn 2024-2027 | 2700000 | 5200000 | 2150000 | 1650000 |



| Investering Samfunn og plan | | | | |
|------------------------------|--------|---------|--------|--------|
| SOP 50-bygget Brakanes skule | 192500 | 192500 | 192500 | 192500 |
| SOP 70-bygget Brakanes skule | 113750 | 113750 | 113750 | 113750 |
| SOP 80-bygget Brakanes skule | 73750 | 73750 | 73750 | 73750 |
| SOP 90-bygget Brakanes skule | 107500 | 107500 | 107500 | 107500 |
| SOP Brakanes skule | 312500 | 312500 | 312500 | 0 |
| SOP Elvatun | 50000 | 1300000 | 50000 | 412500 |
| SOP Gili | 662500 | 37500 | 37500 | 37500 |
| SOP Holmen idrettsanlegg | 62500 | 62500 | 62500 | 62500 |
| SOP Ulvik omsorgstun | 125000 | 125000 | 125000 | 125000 |
| SOP Utleigebustader | 77810 | 2510 | 2510 | 7530 |

Ut over dette er følgjande investeringar påbyrja/ikkje påbyrja i 2023, og som difor må vidareførast i 2024:

| | Prosjekt | Sum løyvd (eks mva) | Bruk pr 19.11.23 | Kommentar |
|-----|---|---------------------|------------------|---|
| 029 | Carport til 2 bilar omsorgstunet | 300000 | 0 | I planleggingsfase. Vert ikkje ferdig i 2023. |
| 045 | Møblering av beredskapsbustad, samt kvitevarer til alle utleigebustader | 230000 | 14000 | Vert utført når leilegheiter står tomme |
| 025 | Nye dørar med glas (10 stk) og skyvedørar barnehage (4 stk) | 140000 | 0 | Ikkje påbegynt |
| 018 | Heis sentrumsbygget (HST 070/22) | 900000 | 322000 | Er bestilt, men kjem truleg ikkje på plass før over nyttår |
| 024 | Nytt kjøkken Tommeliten (no Midtfjell) | 150000 | 0 | Ikkje påbegynt |
| 019 | Ombygging sentrumsbygget | 19800000 | 1500000 | Pågående prosjekt. Sum som er brukt vil auka betydeleg fram mot slutt 2023. |
| 031 | Oppgradering av parkområde og leikeplassar | 300000 | 0 | Prosjekt forseinka |
| 020 | Omtekking av sentrumsbygget | 300000 | 0 | Inn i ombyggingsprosjektet |
| 026 | Varmekabler Veslefrikk (no Kristinuten) | 300000 | 0 | Vansklig å få tak i materiell har forseinka prosjektet |
| 035 | Opprusting av trafikkskilt | 150000 | 0 | Ikkje gjennomført |
| 017 | Sikringstiltak for promenaden, jfr HST 029/21 | 500000 | 0 | Knytt opp til sentrumsplanen |

| | Prosjekt | Sum løyvd (eks mva) | Brukt pr 19.11.23 | Kommentar |
|-----|---|---------------------|-------------------|-------------------|
| 034 | Eigne tiltak trafikktryggleiksplanen | 500000 | 0 | Pågående prosjekt |
| 033 | Trafikktryggleik heradet har fått tilskot til | 500000 | 0 | Pågående prosjekt |

Leikeplassar

Meiningsmålinga utført i mai 2022 viser at kommunale leikeplassar krevjar betydeleg opprusting. Dette arbeidet kom ikkje igang i 2023, og ein føreslår difor at dette prosjektet vert flytta fram i tid og midlar overført til 2024, men med ei forsatt ramme på kr 300.000,- slik som planlagt i budsjettet for 2023 øyremerk til fornying av kommunale leikeplassar.

Veg, vann og avløp

VA-planen skulle vore ferdig i 2023, men av ulike grunnar vert truleg ikkje arbeidet ferdig før tidleg i 2024.

Innan veg, bruer, kaiar osb. bør bru og kai prioriterast i 2024. Det er ikkje gjennomført tiltak i 2022 eller 2023 og tilstanden enkelte installsjonar er dårlig. Opprusting av kaien i Tyssevika vert utført no i slutten 2023.

Dampskipsskaia 1 har kritiske skadar. Her er det observert skadar og manglar av kritisk betyding for bereevne og trafikktryggleik, mellom anna:

- svært omfattande armeringskorrosjon,
- avskalling og sprekkdanning på hovudbjelker og tverrbærarar.
- ny spesialinspeksjon anbefalast snarast.

Osa bru 2 har kritiske skadar: Det er observert skadar av betyding for bruhaugen sin bereevne og trafikktryggleik.

Osa bru 2 og 1: Det er observert mellom anna:

- betongplateelement har avskalling med armeringskorrosjon (bru 1 mindre enn bru 2),
- rekverket reknast ikkje som køyresterkt,
- tilstøytande vegrekverk manglar.
-

Behov for oppgradering av lager for uteavdelinga.

Teknisk eining har behov for midre oppgradering av lageret til uteavdelinga, slik at det vert lettare å halda orden og meir struktur på grus og anna lagervare som ein til ei kvar tid har liggjande. Det er satt av kr 500.000,- + mva til dette i 2024.

Brannstasjon

Det vert jobba med løysing for ny brannstasjon. Dette er tiltak som framleis er på

forhandlingsstadiet, og det er difor ikkje lagt inn noko konkret sum i budsjettet. Ein vil likevel informera om at det vil komma ei sak om dette i 2024.

Løyvingsoversikt §5-5 2. ledd 2024-2027

| Beskrivelse | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Samfunn og plan 4534 Handlingsplan veg 2024-2027 | 2 138 000 | 1 394 000 | 4 250 000 | 2 138 000 |
| Samfunn og plan 4535 VA-plan vatn 2024- 2027 | 2 700 000 | 5 200 000 | 2 150 000 | 1 650 000 |
| Samfunn og plan 4536 VA-plan avløp 2024- 2027 | 2 400 000 | 4 900 000 | 2 150 000 | 1 150 000 |
| Samfunn og plan 4537 Vedlikehaldsplan bygg 2024-2027 | 11 964 000 | 3 375 000 | 2 000 000 | 1 949 000 |

Handlingsplan veg, VA-plan vatn og avløp er lagt på eit minimunsnivå i 2024.

Av nye tiltak i vedlikehaldsplan bygg er opprusting av garderobar basseng det mest omfattande nye investeringstiltaket i vedlikehaldsplanen for 2024.

Målet er for 2025 og vidare framover er å få alle investeringstiltak inn i planen slik at løyvingane vert meir oversiktlege og samla i større planar framover.

Investeringsoversikt 2024-2027 per tiltak

| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|-----------|-----------|---------|---------|
| SOP 50-bygget Brakanes skule (012) | 192 500 | 192 500 | 192 500 | 192 500 |
| SOP 70-bygget Brakanes skule (013) | 113 750 | 113 750 | 113 750 | 113 750 |
| SOP 80-bygget Brakanes skule (014) | 73 750 | 73 750 | 73 750 | 73 750 |
| SOP 90-bygget Brakanes skule (015) | 107 500 | 107 500 | 107 500 | 107 500 |
| SOP Barnehagen (011) | 1 118 750 | 93 750 | 93 750 | 93 750 |
| SOP Brakanes skule (039) | 312 500 | 312 500 | 312 500 | 0 |
| SOP Elvatun (043) | 50 000 | 1 300 000 | 50 000 | 412 500 |
| SOP Fleir brukshall (017) | 212 500 | 37 500 | 37 500 | 37 500 |
| SOP Gili (044) | 662 500 | 37 500 | 37 500 | 37 500 |

| Investeringsbudsjett 2024-2027 FU 171123 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|
| SOP Handlingsplan veg (025) | 2 137 500 | 1 393 750 | 4 250 000 | 2 137 500 |
| SOP Haugesenteret (009) | 81 250 | 81 250 | 81 250 | 350 000 |
| SOP Holmen idrettsanlegg (041) | 62 500 | 62 500 | 62 500 | 62 500 |
| SOP Sentrumsbygget (010) | 2 398 750 | 761 250 | 636 250 | 261 250 |
| SOP Symjehall (016) | 6 375 000 | 73 750 | 73 750 | 73 750 |
| SOP Ulvik omsorgstun (042) | 125 000 | 125 000 | 125 000 | 125 000 |
| SOP Utleigebustader (040) | 77 810 | 2 510 | 2 510 | 7 530 |
| SOP VA-plan avløp 2024-2027 (027) | 2 400 000 | 4 900 000 | 2 150 000 | 1 150 000 |
| SOP VA-plan vann 2024-2027 (026) | 2 700 000 | 5 200 000 | 2 150 000 | 1 650 000 |

5.1.1.2 Årsverk

Årsverk

| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige |
|--------|-----------------------|-------|--------------|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

Det har i 2023 vore gjort mindre endringar i organisasjonsstrukturen på samfunn og plan. Ein har tilsett leiande reinhaldar igjen etter ein periode utan denne funksjonen. Ut over det har det ikkje vore gjort endringar i bemanninga i 2023. Ein planlegg i 2024 å sjå vidare på strukturen og oppgåvefordelinga innan eininga.

280 teknisk administrasjon har i 2023 5,05 årsverk

Administrativt fagområde 250 %

Kommuneplan 100 %

Rådgjevar landbruk 66%

Rådgjevar skogbruk, vilt og fiske 54 %

Kommunale veg 35 %

281 brann, redning og førebyggjande har totalt 0,5 årsverk

Eininga er dimensjonert i tråd med ny dimensjoneringsforskrift frå 2022.

Brannvernkoordinator 18% stilling

16 brannkonstablar i 2% stilling kvar, kor av 4 uthyrningsleiarar

Ulvik herad kjøpar brannsjef teneste frå Voss (interkommunalt samarbeid).

282 Vatn og avløp, har 2,15 årsverk

VA-ingeniør 65 % stilling

Driftspersonell VA 150% stilling

283 bygningsavdeling har 10,9 årsverk

Byggansvarleg 50 % stilling

Vaktmeister og parkanlegg 495 % stilling

Reinhald 555 % stilling inkludert leiande reinhaldar.

5.1.1.3 Mål for økonomiplanperioden

Mål i økonomiplanperioden

Teknisk eining har eit stort fokus på kostnadseffektiv drift, og har ein stabil stab med dyktige medarbeidarar.

Med stadig høgare krav til planlegging og dokumentasjon, er det viktig å oppretthalde fagleg sterke medarbeidarar, noko som krev kurs og vidareutdanning av personale.

| Mål i økonomiperiode 2024-2027 teknisk eining | | |
|--|------------------------------------|--|
| | | |
| Mål | Tidsaspekt | vilkår |
| å levere gode tenesta med kortaksahandsamingstid innanfor dei gitte råmar | kontinuerleg | tilstrekkeleg bemanning og tilstrekkeleg kompetanse |
| å få betre kontroll over økonomi i eininga og halde økonomiske resultat innanfor gitte råmar, via auka internkontroll og periodisk tertialrapportering | kontinuerleg i økonomiplanperioden | realistisk budsjetting, alternativt redusera mål og bemanning |
| å gjennomføre vedlikehaldsprosjekter i tråd med vedteken revidert vedlikehaldsplan for kommunale bygg | 2024-2025 | Prosjektera tidlegare på året |
| å gjennomgå straumforbruk og utarbeide rutinar for straumparing på kommunale bygg og anlegg | innan 01.03.2024 | utarbeide fagrapport. Meir tydeleg plassering av ansvar i organisasjonen |
| å starte arbeid med kartlegging av kommunale leikeplassar og gjennomføre | 2024-2025 | tilstrekkeleg bemanning og kompetanse |

| | | |
|--|------------------|------------------------------------|
| | | |
| tiltak etter "lavit hengande frukt" prinsippet | | |
| Ferdigstilla regulering av området Holmen, Syselandet og sentrum | Innan 31.12.2024 | Tilstrekkeleg bemanning og økonomi |
| Ferdigstilla ny VA plan | Innan 01.04.2024 | Tilstrekkeleg ressursar |
| å skaffe nytt drift- og overvåkingssystem på VA | Innan 1.06.2024 | Skiseprosjekt i 2022 |
| å gjennomgå og evt. reforhandle avtalar innan drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg | innan 31.12.2024 | Tilstrekkeleg med ressursar |
| Kommuneplanarbeid | Heile 2024 | Tilstrekkeleg med ressursar |

5.1.1.4 Tenesteproduksjon

Generelt er tilråding er å redusera dei årlege rammene til Samfunn og plan. Dette kan oppsummerast slik:

Ansvarsområde 280 (administrasjon) Reduserte ressursar innan plan/miljøarbeid.

Ansvarsområde 281 (brann) Reduserte ressursar til kurs.

Ansvarsområde 283 (Bygg) Reduserte ressursar vedlikehald.

Gebrysatsar

Det er satt som mål å oppnå sjølvkost for gebyr innan byggesak og plan. Auken for 2024 er satt i samsvar med KPI for oktober, dvs 4 %. Det er ikkje lagt opp til auka betaling for folkehelsetiltak som bruk av folkebadet, Finse skule og Osafjellsvegen.

Gebyra på vatn- og avløp er styrt av kommunedelplan for avløp og vert justert i samsvar med denne.

Husleige for kommunale bustadar vert indeksregulert kvart år pr. 1.mai.

Plan, byggjesak, kart og oppmåling

Handsaming av søknadar innan områder byggesak og oppmåling vert utført av ekstern firma, men det fritar ikkje heradet heilt for arbeid likevel. Ein vil sjå på desse tenstene og korleis ein kan gjennomføra dei til lågast mogleg kostnad, sidan inntektene pr i dag ikkje står i forhold til utgiftene.

Heradsstyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. I praksis vil det sei ila 2024. Dette vil leggja føringar for det kommunale planarbeidet i perioden fram til 2027.

Klima og miljøarbeid

Klima ein sentral del av risikobiletet i framtida. Me kan venta auka nedbør, meir ekstremvær, temperaturendringar og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk,

reiseliv, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. Dette gjev nye utfordringar for planlegginga og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk. Samstundes vil det vera eit stort potensial for auka verdiskaping og næringsutvikling i utvikling av gode løysningar for klimatilpassing.

Samfunnssdelen av kommuneplanen gjev klare føringar på at me skal bidra til å nå berekraftsmåla. Me skal handla no for å motverka klimaendringane og konsekvensane av desse.

Det grøne skiftet krev omstilling med vekst, innanor naturens tålegrensar og overgang til tenesteyting som gjev mindre negative konsekvensar på klima. Dette er omfattande og ressurskrevhante tverrsektorielt arbeid.

Dette har vore eit prosjektarbeid det så langt ikkje er funne midlar til arbeida vidare med etter mars 2024.

Landbruk/jordbruk/skogbruk

Innanfor *jordbruk* er det no 40 % stilling i Ulvik herad, og 20 % stilling vert leigd ut til Eidfjord kommune. I 2017 var stillinga på 80 % innanfor jordbruk i Ulvik herad, altså det dobbelte av det den er i dag, medan jobben er den same. Innanfor produksjonstilskot vert det handsama om lag 60 søknadar, med 2 søknadsfristar kvart år. I tillegg kjem det mellom anna søknadar om regionalt miljøtilskot, tilskot om avlingssvikt, tilskot til tiltak i beiteområder, tilskot til spesielle miljøtiltak og tilskot til drenering av jordbruksjord. Heradet uttalar seg og i søknadar som går til Innovasjon Norge. Sakshandsaming innan jordlov og konsesjonslov, er og arbeidsoppgåver landbrukskontoret gjer.

Fagområdet «*skog*» dekker kommunale ansvarsområde og arbeidsoppgåver innan skogbruk, tilskotsforvalting, utmarksforvaltning, motorferdsel i utmark og på Rallarvegen, vilt- og fiskeforvalting, sekretariat for viltnemnda, vassmiljø, regionalt planarbeid knytt til Hardangervidda og Nordfjella, og anna prosjektarbeid mv. Aktuelle døme på det siste er regionale sti- og løypeplaner og kommunedelplan for naturmangfald finansiert med tilskot frå Miljødirektoratet. Kontoret har dei seinaste åra hatt redusert bemanning grunna permisjonsavvikling og vassområdeforvalting, noko som har medført eit lite etterslep på planoppgåver knytt til skogbruk og viltforvaltning. Skrantesjuke (CWD) har òg medført endra rutinar og meir arbeid innan viltforvaltninga.

Fagfeltet er brent samansett med kontinuerleg behov for fagleg påfyll/oppdatering.

Heradet har og lovpålagde oppgåver innanfor veterinærtenester. Veterinærvaktordninga er eit samarbeid med kommunane Eidfjord, Vaksdal, Modalen og Voss herad. Sistnemnde har verstsrolla. Dei statlege tilskota innan denne ordninga varierer år for år, difor varierer og summen heradet må setja av.

Tenestene ved landbrukskontoret er i hovudsak finansiert med overføringer frå næringsfondet.

Ulvik kaianlegg og gjestehamn

Ulvik herad har anløp av passasjerbåtar, særleg i sommarsesongen, på kaien ved Heradshuset. Heradet har begynt å krevja inn avgift for slike anløp, for å dekke kostnader med å drive eiga/eigne hamn(er) på ein forsvarleg og god måte. Inntektsnivå i 2023 har som i 2022 har vore lågt. Me forventar difor ingen auke i inntektsnivå i Ulvik gjestehamn.

Kva som er høvleg avgift innan er vanskeleg å sei, men dette er eit viktig tilbod med tanke på anna

næringsliv i heradet. For den kommunale økonomien har desse inntektene mindre betydning. Avgifta kan og justerast årleg. Dessa midlane skal igjen nyttas til vedlikehald/utvikling av gjestehamna.

Administrasjon foreslår å vidareføra gebrysatsar for 2023 og i 2024:

Hamneavgift: kr 150.- per døgn

Hamneavgift + straum: kr 180.- per døgn

Servicebygg (toalett og dusj) kr 30.-

Hamneavgift + straum + servicebygg: kr. 200.- per døgn.

Vatn og avløp

Heradet har ein gjeldande kommunedelplan for vann, avløp og miljø frå 2016 til 2023, men handlingsplan gjekk ut i 2021. Denne vert lagt til grunn for arbeid med ny VA plan. Etter revisjon av Mattilsynet sommaren 2023 er ROS-analyse og beredskapsplan for vatn og avløp var sist revidert.

Ulvik herad har eit kommunalt vassverk (i Osa). Vassverket blei etablert i 2001. Vassverket har god kapasitet og leverer godt drikkevætn. Vassbehandlinga består av desinfisering med UV-bestraaling og dosering av vassglas for pH-justering. UV-aggregatet fungerer fint, råvatnet er reint utan turbiditet og med berre litt innhald av kalk. Utfordring er at pumpane bør bli skifta etter ca. 20 år, dvs. i 2021.

Delar av heradet har per i dag ikkje ei tilfredsstillande vassforsyning. Det gjeld både drikkevassforsyning og til sløkkevætn.

Delar av leidningsnettet må skiftast ut. På Prestegardsfeltet er det behov for sanering både av vass- og avløpsleidningar. Vassleidningane på feltet har til dels små dimensjonar og vert oppgradert for å kunne sikre tilstrekkeleg brannvassdekning. Sanering vert utført med ein del av årlege avsette midlar til utskifting av leidningsnett.

På avløppssida har 2023 vist at det stadige behov for nye tiltak på nettet. Ein har bytta pumper på heradskaien, tette lekkasje på sjøleidning over til Hjeltnes og har no på slutten av året fått ein ny lekkasje på pumpekum på heradskaien. Berre desse 3 enkelthendelsane medførte ikkje planlagte utgifter på omlag 0,5 mill. Dette viser at behova for nye tiltak kontinuerlig er til stade. Det har tidlegare budsjett vore påpeika at under anleggsarbeid med Hjeltnes avløpsanlegg er det observert forhold med tilførsel og utløp som ikkje er i tråd med gjeldande lovverk. Det kom lite avløpsvatn frå pumpestasjon. Kommunekaia mot Hjeltnes, og det er dårleg løftehøgde på anlegget. Ein treng m.a.o. avklaring på kva for område som skal byggast ut med offentleg avløpsanlegg, og kvar ein kan nytta privat utbygt mini-reinseanlegg, sandfiltergrøfter osv. Det er mange mindre avløpsanlegg langs Syselandet, Torblå, Lekve, Håheim, Stette og Vestrheim med utslepp ut i grunnen eller til mindre bekkeløp.

Kommunale vegar

Heradet har gjeldande vedlikehaldsplan for oppgradering av kommunale vegar, denne planen følgjast i planperioden. Det har i 2022 vore gjennomført kartlegging av vegstandard på kommunale vegar som var grunnlag for ein del asfaltering i 2023. Veg må sjåast på opp mot kai og bruver i 2024.

Kommunale bygg og anlegg

Aktivitetsnivå på vedlikehald av bygningsmassen er framleis høgt i 2023 og 2024.

Straumforbruk

Me har eit mål å ha betre kommunale bygg og redusera straumforbruk. Dette krev ei tettare oppfølging, noko som gjer at ein må sjå litt på organisering innan samfunn og plan.

S-bygget og heradsstyresal og ny brannstasjon

Nytt møterom/heradsstyresal er under utbygging. Det vert jobba med løysing for plassering av brannstasjon. Dette vil komma som ei eige sak på eit seinare tidspunkt.

Ulvik Omsorgstun

Nybygget Ulvik Omsorgstun er overtatt i sin heilskap, med alle anlegg. Det er forventa minimalt behov for vedlikehald dei nærmaste åra, men drifta av bygget har forholdsvis høge løypande kostnader, grunna mange ulike system og anlegg som skal samkøyrast. Det har vore store problem med å få frys til å fungera slik den skal, men det er håp om at no etter siste reparasjon i november 2023 skal den vera i orden. Leigland bygg as som stod for bygginga av omsorgstunet er konkurs, og endeleg oppgjør i samband med garantiarbeid vert handtert av advokat.

Skule og barnehage

Her har me framleis fokus på tryggleik og utbetringar slik som tidlegare år, samt oppgradering av bygningsmassen. Kostnadane med utbetring etter hærverk er høge, og det vert jobba med å redusera desse utgiftene. Når det gjeld barnehage må ein ta ei konkret vurdering om ein skal forsetja oppgradeinga av bygget, eller byrja å planlegga for eit nytt bygg.

Brann

Me opprettheld vårt lokale brannkorps, men kjøper brannsjef-funksjon, varabrannsjef-funksjon, branntilsyn, førebyggjande og anna overordna brannfagleg kompetanse frå Voss herad.

Me fortsett med lovpålagde kurs og kompetanse for brannmannskapane etter behov.

Utedrift/vaktmeisterteneste

Det er behov for oppgradering av fasilitetane i Gili. Dette er lagt inn i vedlikehaldsplanen for bygg.

5.1.2 Internkontroll og tilsyn

Mattilsynet gjennomførte i 2023 tilsyn på vatn. Avvik som vart oppdaga vert løyst med eigne ressursar.

Internkontroll er eit kontinuerleg arbeid. Det kjem inn mange avvik gjennom avvikssystemet compilo, noko som viser at systemet fungerer.